

Atter ein haust

Av Trygve Orheim

Gulnande kåpe.
Atter ein gong, sveipande mjukt
Om blågråe fjell sine aksler.
Mangt eit herleg panorama,
Får grågjessene skoda,
På si lange ferd.
Karakteristisk er deira song,
Høgt der oppe.

Medan orren buldrar i veg,
Med sitt morgonspel,
Til tonefylgje
Av brålynde bekkar.

Som hastar, ned bratte bakkar,
Mot elva--- samlingsplassen
For der å sjoa avgarde,
I eit mektig kor,
Frå heidar og fjell.
Styrtande med fossen sitt velde,
Mot fjorden og havet
Sine djupter.
Dette vassgrøne,
Ævedoms element.
Som id ag
Berre leikar seg kjælende,
Innmot landet si fjellgråe hud
For- -- enno er hausten berre eit barn.



Motiv med sogeumsuste Hornelen, Nordfjord.

Med mod til å meina...

Og med millom anna desse sakene:

**Nasjonalt globaliseringsmotstand i Frankrike
Språkrådet med bokmålisert husmannsnynorsk
Konferanse um europeisk heimstadreising
Hardkjernepunk og sogemedviten folkemusikk
Dresden og andre heimskrigen**

I dette nummeret:

Olav Torheim	Paris 8 mai: Nasjonalt verdseinsrettingsmotstand	s. 2
Lars Bjarne Marøy	Leidar	s. 3
Lars Bjarne Marøy	Bokmål ikkje austnorsk	s. 4
Lars Bjarne Marøy	Bokmålisering husnormal	s. 6
Siv-Kari H. Johansen:	Nokre tankar um europeisk heimstadreising	s. 8
Kenneth Kiplesund:	“Tolv vintrar hadde kristendomen vore i Noreg”	s. 9
Olav Torheim:	Intervju med Eliwagar	s. 10
Olav Torheim:	Alemania - Kosekino mot Sarazzin	s. 11
Stig Andresen:	Current 93 i Århus	s. 12
Olav Torheim:	Unheilig, industriell popmusikk	s. 12
Olav Torheim:	La Casa Fantom i Darmstadt	s. 13
Lars Bjarne Marøy:	Dresden og andre heimskrigen	s. 14
Anders Bruaset:	Slindebirken	s. 16
Lars Bjarne Marøy:	Thais - tankevekkjande fransk opera	s. 19
Trygve Orheim:	Nikolina-hana	s. 20

Paris 8 mai: Nasjonalt verdseinsrettingsmotstand

Av Olav Torheim

I Frankrike er andre sundagen i mai ein dag for motstand mot urettvise og for nasjonal fridom. I år var ikkje mindre enn 1500 nasjonalistar samla under parolane "Contre le mondialisme" (Mot verdseinsrettingi) og "La France est de retour" (Frankrike er attende) for å toga gjennom gatene i Paris.

Sedvanen med å ytra seg denne dagen gjeng attende til tidlegst i det 20. hundradåret, då den kongetrugne rørsle Action Francaise, styrd av Charles Maurras, tok til å feira Fête de Jeanne d'Arc til minne um frigjeri av Orléans frå engelskmennene i 1429. Den tjodlynde (nasjonalsinna) høgresida i Frankrike held sterkt på mynstringane denne dagen, og held dei for eit fast tilvisingspunkt.

Folketog gjennom Paris

Nasjonalistane toga fram med fanor, flagg og samlingsmerke frå Place de Madeleine til Place des Pyramides. Fyrst i rekkja gjekk "Comite de la resistance nationale" (Nemndi for det nasjonale motstandet) med millom anna Robert Spieler frå Nouvelle Droite Populaire, Pierre Vial frå Terre et Peuple, Thomas Joly frå Parti de la France og Bernard Bresse frå MNR.

Dinæst fylgde eigne flokkar for alle dei ulike gruppene som var med..Dei fleste hadde mynstra fleire i år enn året fyreåt.Fleire gruppor for europeisk heimstadsreiseing var med Her fanst millom anna Nouvelle Droite Populaire, Terre et Peuple, Opstaan (heimstadsreisingsgruppa frå fransk Flandern), Front Comptois (frå Franche-Compte), elles m.a Renouveau Francais (katolsk-tradisjonalistisk), GUD (nasjonalistisk studentsamskipnad) og Troisième Voie (nasjonal-syndikalistisk). Dette året var det dessutan med eit stort sendelag frå den belgiske rørsle Nation (nation.be).

Avgangen gjekk fyre seg på fyremidda-



Toget gjekk frå Place de Madeleine til Place des Pyramides.



Tilreisande frå Belgia: Aktivistar frå rørsle Nation.

gen, men han vart seinka to timar av di umlag 400 motmenn frå yttergruppor på vinstre-sida freista å halda av Place des Pyramides. Dei vart til slutt køyrde burt av politiet.

Under marsjen vart det ropa slagord som "Islamistes hors de France" (islamistar ut or Frankrike), "Europe, Jeunesse, Revolution" (Europa, Ungdom, Revolusjon) og "Ni gauche, ni droite, troisième voie" (korkje

høgre eller vinstre, men den tredje vegen).

Ein stor framgang for den nasjonale rørsle

Vel framme ved Place des Pyramides vart det halde talor. Fyrst ut var ein målsmann frå katolske Renouveau Francais, som viste til korleis Jeanne d'Arc på si tid stridde for Frankrike, trugen mot både Gud og fedrelandet, medan Edouard Klein, leidar for GUD, understrika at det var naudsynt å føra den same striden vidare i dag.

Pierre Vial frå Terre et Peuple sette søkjeljoset på dei som han meinte var andsvarlege for dei vandelmeile me hev i dag. Robert Spielert frå Nouvelle Droite Populaire synte til den kjensgjerningi at "me ikkje er aleine i striden vår: Frå Charles Martel till S:t Jeanne d'Arc, alle dei som hev falle gjennom tidene marsjerar vidare reint åndeleg og er i åndi saman med oss i våre rekkjor".

Serge Ayoub frå Troisième Voie, sagde i den avsluttande tala at nasjonalistane er dei einaste sanne målsmennene for folket, alltid i fyrsta lina for å verja Frankrike.



Leidar

Av Lars Bjarne Marøy

Utgreiding um nynorsknormi av 2002 er ei viktig avhandling. Avhandlingsi er prega av ein grammatisk gjennomgang med endelaussupplistingar av gram-

matiske ovringar, kart, prosentsatsar og so burtetter. Det er neppe serleg spanande for andre

enn serskild innvigde å granska deim. Nynorsken skal vera eit mål som skal skrivast, ikkje eit mål som skal byggjast opp av folk som lagar talyversyner og grammatikarar som lagar ordlistor.

Litteratur som prega etterkrigstidi fær me derimot ikkje noko inntrykk av. Vart Dag og Tid til dømes like mykje lese som til dømes Leirfalls bøker? Eg tvilar vel diverre på det. Leirfall var nok diverre meir umtykt enn Dag og Tid. Var dei klassiske forfatarane og songtekstene like viktige som ei burtgøymd bok gjeve ut på Det norske samlaget? Ikkje for skuleelevar som skulde læra fagstoff, og fagstoff er gjerne det ein vert mest prega av. Kven vil ikkje hugsa Tsarens kurer i upplesing i kringkastingsi? Slike resepsjonshistoriske tankar gjer avhandlingsi lite bruk av. Upplagstal frå forlagi kunde ha gjeve ein peikepinn på kva som var verd å gjeve gaum på. Kva med lydartal til upplesingar på radio? Finst det i det heile slike lydartal i NRKsitt bibliotek? Me skulde gjerne ha visst det. Kannhenda er det einkvan som hev røkt etter. Burde ikkje Språkrådet med sine fagkunnige taka i ferde med å undersøkje ei slik sak?

I denne avhandlingsi vert det gjort eit nummer av å koma med ein gjennomgang av målsoga som skal oppsummera endringi i normeringi og bruken av nynorsken på 1900-talet, noko som er ei stor oppgåva. Det kann vera verd å koma med nokre merknader til ein del sidor ved den språkpolitiske gjennomgangen.

Nokre av dei mest maktpåliggjande

og grunnleggjande historiske sidone ved utgreidingi skulde vera klære.

Utgreidingi hev nokre åtgåingar som er nye og som kann vera i samsvar med Stortingsmelding nr. 13 og burtfallet av lærebokgodkjenningi. Det er ei stor

veila at utgreidingi ikkje greider å setja sterkare spyrjeteikn ved dette med austnorsk og bokmål. Her vert austnorske målføre samanlikna med bokmålet utan at ein dryfter og ser på mottankar til at ei slik tilnærming stemmer. Det er vel grunn til å tru at austnorske målføre kann ha spela ei rolla kring 1917, men det viste seg å vera liten grorbotn for denne tanken den gongen, seinare må ein vel heilt eintydig segja at skriftmålet hev vore det viktigaste, og målføre og talemål hev vore underordna bokmålet, slik sett kunde det ha vore teke eit klårt oppgjær med ordlei- dingi "folkemål" som var ein papirtiger. Mange fann sterkt åt mot språknemndsuppdraget som batt vitskaplege granskarar til å fremja samnorsktanken. Oppdraget til språkrådsnemndi burde ha vore dryft inngåande på bakgrunn av Stortingsmelding nr. 13.

Det er godt at nemndi so eintydig gjer det klårt at a-målsbrukarane i røyndi gjorde rettskrivingi i nynorsk til ei sak for kvar og ein, men ho kunde ha slege sterkare fast at høgnorskarane heldt uppe einskapi i rettskrivingi på 1950-talet.

At nynorskrettskrivingi vart gjort til ei sak for kvar og ein, er til å leva med når høgnorsken er eit slags mynster. Det kann ein ikkje hevda at han var når ein kjem til 1960-talet og 1970-talet. Her burde utgreidingi ha dryft umgrepet bokmålisering svært nøgje. Det hev vorte eit uttrykk som hev slege sterkt igjennom i målpolitiske ordskifte og som bygger på utglidingi i 1959-rettskrivingi.

Når ein so kjem til det som er det

Målmannen

Utgjevar:

Samorganet Målmannen

Tilskrift:

Målmannen
Njårds veg 10
2214 Kongsvinger

Bladstyarar:

Olav Torheim

Epost: olaveth@gmail.com

Tlf: 004917632346964

Skype: fivrelnd25

Netstad:

<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

*Målmannen fylgjer redaktør-
plakaten!*

viktigaste, nemleg kva sluttsats ein skal koma fram til når det gjeld stoda i dag, so er det utan tvil slik at einskapi i rettskrivingi innanfor høgnorsken er stor og at i-målet er langt meir bruka enn det ein kann få inntrykk av når ein les Helleviks ordlistor som er tilverka i Oslo. Nynorskbrukarane bur i stor grad på Vestlandet og i andre område av landet.

Det er serleg grunn til å understreka at i-målet hev stade som eit merke på ein sjølvstendig nynorsk som er med på å tryggja stabilitet og halda uppe nynorsken på best mogleg måte. Når nynorskemndi av 2009 no vil taka ut i-målet av rettskrivingsnormi si, er det i strid med viktige påvisingar i utgreidingi av 2002, jamvel um denne utgreidingi kunde ha vore meir eintydig.



**NYNORSK
ANTIKVARIAT**
www.nynorskantikvariat.no



Nynorsk Antikvariat AS

Hulgata 11

4900 Tvedestrand

Telefon 37 16 66 66

E-post: tinging@nynorskantikvariat.no

Antikvariatsbokhandlar

Arne-Ivar Kjerland

E-post: Arne-Ivar.Kjerland@nynorskantikvariat.no

Mobil: 928 29 098

Bokmål ikkje austnorsk

Av Lars Bjarne Marøy

Artikkelforfattaren tek fyre seg språkrådsutgreidingi um nynorsknormi av 2002, sjå leidarartikkelen.

1917 var det året då den russiske revolusjonen bar til og kven hugsar ikkje vitseteikningi av dei som ligg ved ei av gatesperringane og spør korleis det gjeng med uppreisten i Noreg. Jau, no ordskiftet meum korleis me skal stava han.

Det vert hevda hardnakka i ein del framstillingar av norsk målsoga at Ivar Aasen tok so lite omsyn til dei austnorske målføri, men det er ingen tvil um at dei austnorske målføri fullt ut kom til sin rett i nynorsken. Ein skal ikkje gløyma at Ivar Aasen budde i kring 40 år i Oslo og hadde allverdsens høve til å høyra austnorsk tale kring seg kvar einaste dag. Naturlegvis vart han påverka av det.

Det som derimot ofte hev vorte mistydd er kva som er austnorsk og kva som er bokmål. Dersom nokon hadde sagt at det vildeha vore ein fyremun for nynorsken i agderfylki at ein innførde blaute konsonantar i nynorsken, vilde vel ingen for ålvor godtaka det. Dersom ein for ålvor hadde hevda at ein måtte kutta r-en i alle bøygningar for å få vestlendingar med seg, vilde vel heller ingen taka dette for ålvor. Men dersom ein hevda at ein del former i nynorsken var for vestnorske og ikkje finst på austlandet og difor må ut, då tek folk det i det største ålvor, for då hev dei hev fenge ein grunn til å vera mot nynorsk, det er noko for vestlendingar. For vestlendingar dei skal ikkje verta representerte i nynorsken. Denne tankegangen heng ikkje på greip. Mange austlendingar høyrer knapt skilnad på bergensk og strilemål som i praksis er tvo ulike mål. Det er ikkje so reint fæ som hev kompetanse i bae måli på Vestlandet. Korleis i alle dagar skal austlendingar som ikkje høyrer skilnad på tvo so forskjellige mål kunna greidda skilja millom det som er vestnorsk og det som er austnorsk i nynorsken?

Det som kjem til er at bokmålet stend for den innarbeidde normuppfatningi. Alt som ikkje er i samsvar med bokmålet, vil verta oppfatta som avvikande, og dimes vil ein gå langt for å venta seg at nynorsken må nærma seg til det ein er vant til.

1917-rettskriving

Det vert soleis ei merkeleg innføring i 1917-rettskrivingi hundrad år etter med hundrad års etterpåklokskap at normutgreidingi av 2002 segjer at det vart: "innført ei lang rekkje valfrie endringar som la normalen langt meir opp mot austlandsdialektane og dermed ofte òg mot bokmålet." Det siste er rett. At einskilde former samsvara med austlandsdialektane er ikkje meir sermeckt enn at det finst mykje elles i landet som samsvarar med bokmålet som elles den gongen heitte riksmål. Det er iallfall gledeleg å sjå at bokmål er det namnet som no hev kome inn

tilliks med austnorske dialektar. Det høver godt å hengja rett bjølla på kui. Elles var det vel serleg bokmålet som fekk den største rettskrivingsvariasjonen på papiret. Nynorsken konsoliderte seg greidt og utgreidingi kjem faktisk fram til at:

"Det ser ut til at den tradisjonelle varianten basert på i-mål fungerte som "umarkert" eller prototypisk nynorsk, medan ulike "motnormer" baserte på a-former og elles tilpassa ulike dialektgrunnlag ikkje var så lite utbreidde." Etterkrigstidi og høgnorsken

Perioden millom 1917 og 1938 vert betre presentert enn i ein del andre framstillingar eg hev sett - i det at det vert godtekte at bokmålet var ei rettesnor for normeringi av nynorsken.

1938-rettskrivingi og frametter

Men so kjem den viktige delen. Kva skjedde etter krigen? Dette er kannhenda den mest umtalte delen millom høgnorskfolk og andre nynorskfolk. Personleg er eg ikkje i tvil um at dei leidande målfolki i Oslo gjorde uboteleg skade gjennom å ikkje føra ei aktiv målreising frå 1946 og utover. Dei sat og venta på at riksmålsrørsla skulde byggja seg uppatt og mobilisera. Dette hev eg gjort greidda for i ein artikkel i Mål og Makt for nokre år sidan. Umutgreidarane hev sett den artikkelen, veit eg ikkje, men eg trur det ikkje. Utgreidingisegjer:

"Etter krigen hadde 1938-rettskrivinga langt på veg sigra, i den forstand at ho vart gjennomført av dei fleste sentrale nynorske tekstproducentane. Den tradisjonalistiske i-målsfløya var stadig sterk på Vestlandet, men utgjorde no ein opposisjon som heldt ein hard strid gåande i mange år, men utan å greia å ekspandera og trengja a-målet tilbake. Femtiåra var altså ei tid med eit sterkt polarisert nynorsk språksamfunn, samstundes som det no var stor valfridom også per ord og per formkategori, så særleg a-målet var kløyvd i meir eller mindre individuelle variantar."

Det er sanneleg rangt å segja at dei fleste tekstskrivarane hadde bøygt seg, trass i ihuga fyrteljingar frå einskildpersonar. For alle som hev samla seg opp boksamlingar av bygdebøker, historiske skrifter, skjønnlitterære bøker og liknande frå denne tidi, vil det vera klårt at i-målet stod sterkt millom tekstskrivarar som hadde havt si opplæring på dette målet og som slapp å ha med Det norske samlaget å gjera. Det norske samlaget var ein idug forsvarar av den nye rettskrivingi og hadde ei einerettsliknande stoda til å gjeva ut bøker på nynorsk. Slik sett er det nokso utruleg at dei ikkje skulde tvinga heilt igjennom den nye rettskrivingi, men det tok tid.

Den måten ein visste ein vilde vinna fram på i denne einerettstidi var gjennom å vinna ungdomen. Ungdomen fekk berre lærebøker på a-mål og statsgodkjend rettskriving, og Samlaget

tente store pengar på å prenta upp ei eigi ordlista som vart sendt yver til Vestlandet. Dessutan hadde ein ein godkjenningsskipnad for lærebøker. Med vald og makt kunde ein soleis hindra at det kom ut bøker som veik av frå gjeldande rettskriving. Korleis skulde i-målsrørsla kunna vidka seg ut når staten med endeframe yvergrep kunde sitja og nekta å gjeva ut hjelpebøker og ordlistor og hindra at dei både vart utgjevne og vel òg stogga um dei kom ut. Lovstridig bruk hadde vel vorte stogga gjennom verksame undergravingstillhengjarar som leit meir på staten enn på å arbeida for målsaki gjennom aktivt samskipnadsarbeid i samskipnader som Noregs Mållag.

Ikkje ein gong riksmålsrørsla greidda i dei fyrste etterkrigsåri å veksa. Fram mot 1950 var riksmålsrørsla veik, men rørsla reiste seg på 1950-talet. Tenkjer verkeleg utgreidarane seg at høgnorskfolk skulde greidda å få til noko som riksmålsrørsla ikkje greidda, fyre dei samla inn hundretusundvis av underskrifter, brende bøker og motarbeidde rettskrivingi gjennom riksdekkande media? Det er ein utruleg drjug tanke. Den som ikkje kann arbeida for ei viktig samfundssak på folkestyrevenlegt vis og må tyda til borgarleg ulydnad, kann i beste fall driva motstandsarbeid og finna åt styresmaktene. Det er ingen tvil um at målfolket på Vestlandet i hovudsak var folkestyrevenlege og for finslegt fram i so måte. Å fara åt på eitkvart anna vis låg ikkje for deim, men at det skal brukast mot deim, er ikkje sann og edel framferd frå utgreidarar som hev til oppgåva å opplysa det norske folk um korleis målstriden i røyndi tok seg ut på 1950-talet.

Nei, dei folkestyrevenlege vestlendingane bruka dei hevdvunne arbeidsmåtene. Dei trudde på ordskifte og på kulturarbeid, ikkje på vald og motvald. Det var difor i-målet vart ståande so lenge i til dømes Bergens Tidende, der gjekk det vel ikkje ut av spaltone fyre 1970, og jamvel på 2000-talet hev det vore innslag av høgnorsk i bladet.

Norsk Språknemnd

Den åtgåingi som segjer mest um stoda er den som utgreidingi slær fast mot slutten: "...særleg a-målet var kløyvd i meir eller mindre individuelle variantar." Der hev me det tydeleg som aldri fyrr i eit slikt skriv frå Språkrådet eller Norsk Språkråd som det heitte den gongen utgreidingi var laga. Høgnorsken var regelrett, trass i at det skorta på lærebøker og hjelpebøker. Dei som nytta høgnorsk la arbeid i å skriva rett og hadde lært eit mål som det var lett å skriva rett. Dei som gjekk yver til a-mål skapa mindre stabilitet og gjorde at det vart grobotn for å gjera endringar i nynorsknormi. Målet kunde veksa på beste måte innanfor høgnorsken. Når ein innførde a-målet skulde folk skriva på sine egne

rettskrivingar som var på glid mot bokmålet, og der austnorsk i røyndi vart til bokmål, slik som utgreidingi burde ha understreka ved tidi kring 1917-rettskrivingi.

Ein freista samstundes å innføra kløyvd infinitiv og hovudform med supinums –i i streke verb som funni, vori og so burtetter. Desse formene slo aldri gjennom på breid front.

Språknemndsuppdraget

Dei grunnleggjande innvendingane mot Norsk Språknemnd som både høgnorskørsla og Riksmålsforbundet nytta til å mynstra til motstand mot samnorsken på, tek ikkje utgreidingi upp. Heller ikkje at faglærde personar som Ingeborg Hoff, Sigurd Kolsrud, Per Thorson med fleire hadde vektige innvendingar. Dette er eit stort lyte ved utgreidingi av di det mandatet som vart laga for Norsk språknemnd er sjølve grunnlaget for mykje av det uføret som nynorsken hev kome upp i.

Når det no for fyrste gong er eit politisk ynskje i Stortingsmelding nr. 13 um å taka ei oppgjerd med tilnærmingstanken og gjera det som er best mogleg for nynorsken, bør ei ærleg tilnærming til saki byggja på at ein tek oppatt dette mandatet og ser nøgnare på um ikkje dette var eit syn som hev havt skadelege verknader. Når ein då vonlegt kann sanna at slike finst, bør ein òg laga um på dei tilhøvi som hev skapa skadeverknadene, slik at ein kann bøta på deim. Alt anna er uærleg og i strid med den politiske viljen som er klårt uttrykt både gjennom Stortingsmeldingi og gjennom avskipingi av godkjenningsskipnaden for lærebøker og vidare til dei nye fyresegnene for Språkrådet frå 2006. Me må taka ei heil oppgjerd med den einsrettande og øydeleggjande framgangsmåten som vart fylgt i samband med skipingi av Norsk språknemnd.

Um mandatet til Norsk språknemnd segjer utgreidingi av 2002 “I 1952 vart Norsk språknemnd skipa, med det føremålet å ”arbeida for tilnærming mellom målformene på norsk folkemåls grunn”. Språknemnda fekk i oppdrag å utarbeida ein læreboknormal for begge målformene. Resultatet av det vart utgreinga Framlegg til læreboknormal 1957.” Dryftingi av oppdraget og dei ordsifti som vart kring det, vert ikkje teke upp i det heile.

Det er verd å merka seg dei åtfinningane som kom frå høgnorsk- og Aasen-hald i samband med fyrehavingi av Framlegget frå regjeringi av 17. mars 1950 um Norsk språknemnd. Kyrkje- og skulenemndi la fram si tilråding for Stortinget 24. november 1951. Tilrådingi vart prenta 10. desember og saki kom på dagsetelen 13. desember. Saksfyrebuingi i 1951 var sterkt å lasta. Det vart i røyndi knappast mogleg tid til ordsifte millom tilrådingi frå Kyrkje- og skulenemndi og fyrehavingi i Stortinget.

Umgrepet folkemål vart mykje umdryft i Stortinget og elles, men ordlyden vart ståande oppdraget til Norsk språknemnd. Ein av deim

som fann at uttrykket var målmannen Fridtjov Sørbo:

Han segjer: “I nynorsk er norsk mål atterreist på folkemålsgrunnen. Me meiner difor at tilnærmingi må koma frå bokmålet til nynorsk. Men dette fær bokmålsfolket stella med, gjennom dei beste diktarane og måldyrkarane sine. Å riva nynorsken sunder, so han skal høva inn i det norsk-danske målsystemet, er ikkje tilnærming eller samling på folkeleg norsk grunn.”

Sørbo held fram med å segja: “Ordet folkemål er for uklårt og upresist i fyremålsparagrafen åt eit akademi. Det kunde brukast for hundrad år sidan. Då stod målføri, det målet folket tala, i sterk motsetnad til det dansk skriftmål. Den gongen hadde ordet eit sakleg og røyndleg innhald: Norsk mål slik det levde på folketunga kring i bygdene, ulikt framandmålet i skule, kyrkje og riksstyting...”

Folkemålsuttrykket vart altoversterkt åtfunne, og det var nett av di folk blanda saman det som var austnorsk og det som var bokmål. Fåren for bokmålisering og utgliding med bakgrunn i folkemålsuttrykket var openberr: Sørbo segjer: Ein lyt halda seg til grunnragi i det norske målet, velja dei likaste (NB! beste, min parentes) formene som fell inn i eit system med samanheng, konsekvens og nasjonal serhått. Gjer me ikkje det, kjem alt på rek, og norsk-dansken fær ein lett siger.

Eg tenkjer det er so det kjem til å ganga med norsk mål i den nye samretingsnemndi, um ho ikkje fær andre og klårare fyresegnar å arbeida etter. Ho kann sjå burt frå det som er ålment norsk og på den måten brjota nynorsken ned innanfrå. Likevel kann nemndi verja seg med at ho berre hev fylgt påbodet i fyremålsparagrafenum “tilnærming mellom dei to skriftmåla på norsk folkemåls grunn”!

Det var nok mange som tenkte seg at Norsk Språknemnd ikkje skulde verta so ille og at nynorsken i lengdi kom til å vinna på nemndi, men jamvel um utgreidingi av 2002 kvilelaust freistar å få oss til å tru at det hev skjett “ei konsolidering” av nynorsken, so kjem ikkje den tankegangen til å slå gjennom mot det innarbeiddet uttrykket bokmålisering som hev gjenge sin sigersgang i målpolitiske ordsifte dei siste førti år. Sørbo fekk rett. Det var ei utgliding, og utglidingi tok for ålvor til på 1950-talet. Då utgreidingi heilt rett slær fast at “...særleg a-målet var kløyvd i meir eller mindre individuelle variantar.” Etter den tid hev det snarare vorte ei oppløysing enn ei grunnfesting. Det er då òg det Kulturdepartementet må ha havt som utgangspunkt når dei ynskjer større stabilitet og at nynorsken kann utvikla seg på best mogleg måte. (Vestmannen nr. 7 1990)

Tidi etter 1959

Når ein kjem til rettskrivingi av 1959, er utgreidingi atter ein gong inne på at rettskrivingi førde nynorsken nærare upp til dei austnorske målføri og bokmålet. Ein skulde nesten tru at ein no etter

Reaksjonar på nummer 2

Ein lesar hev merkt seg at Målmannen nr. 2 gjeng langt i byta ut latinske ord med sernorske. Han undrar seg yver um det verkeleg er naudsynt å gå so sterkt til verks.

Andre lesarar hev tala sterkt til å gå lengre. Ivar Aasens tanke var å få fram dei norske ordi. I dag er det altfor mykje unorsk rusk i målet vårt.

Målmannen freistar so langt det let seg gjera å driva måldyrking og få fram målet i sitt beste lag, men det sit langt inne når ein må lesa mykje på framandt mål og ikkje fær sett serleg mykje av norsk mål til dagleg.

Det er ingen tvil um at dei som veks upp i dag vert tvinga til meir eller mindre å bruka mykje engelsk som so i beste fall skal umsetjast. Den viktigaste allkunneboki for ungdomen i dag er Wikipedia på verdsveven, i beste fall Store norske leksikon. Desse allkunneboekene hev fenge ei veldig makt. Wikipedia tek fyre seg so godt som alle ovringar som unge menneske er upptekne av, men på engelsk, dimed fær dei lesa alt dei vil vita på engelsk, og norsk vert oppfatta som eit andre språk.

Sernorske ord vert strevsame å hugsa på. Ein vil helst nytta dei engelske ordi so langt som det er mogleg å få dei yver i norsk. Det vil segja at dei latinske ordi er ord som ein meir enn gladeleg triv til, for ein gløymer burt dei mest servorne ordi. Då måtte ein ha bruka altfor lang tid på umsetjingsarbeidet.

Slik vert ord som produkt i staden for vara eller andre avløysarar, interessa i staden for ihug eller andre avløysarar eller system heller enn oppbyggnad eller andre avløysarar, rådande ord i norsk. Dei latinske ord vert nytta på alle område, medan dei norske vert gløymd. Imperium skal ikkje lenger kunna heita herreveelde. Einestyrar skal ikkje heita noko anna enn tyrann eller ha andre namnord um seg enn dei engelske. Me i Målmannen ynskjer å halda det norske i hevd, då må me vakna og ikkje godtaka at alt kjem på latin via engelsk.

Dvergemalet

1917 og 1938 kunde skriva nynorsk nett slik som ein snakka på Austlandet, for tri gonger hadde nynorsken vorte likare austnorsken, um ein skal tru på utgreidarane og andre som skriv slikt, men det er atter ein gong ei rangslutning, og nokon breid yvergang til nynorsk frå grupper av austlendingar finst det inkje prov på. Derimot vil eg nok tru at dei skuleelevane som hadde valt nynorsk og budde på austlandet, heller fekk mindre att av sine eigne former. Austnorsk er no ein gong i mange høve dialekt, og i dei høvi der det er snakk um målføre, er det snakk um avvik frå bokmål.

Det var elles tvo skriftmål som ein kann granska på alle tenkjelege måtar som stod mot einannan. Korleis folk snakka er eit langt meir tilflokt granskingsemne. Heldigvis var det den gongen slik at ein tok utgangspunkt i skriftlege former i dei tvo måli, skulde ein ha sett inn reine målføreformer i nynorsken, vilde det vel ha gjenge fullstendig gale. Den nye Riise-nemndi hev kome med formi dykk til subjektform, det er noko heilt nytt - at ein kjem med heilt nye former frå målføri. At ein granska målføregrunnlag i det eine og den andre målføret og skulde vega for og mot kva som skulde vera nye skriftmålsformer på grunnlag av målføri, er ei onnor sak.

“...særleg a-målet var kløyvd i meir eller mindre individuelle variantar...”, heiter det also framanfyre um målstoda på 1950-talet. Det heiter seg elles at denne rettskrivingi var umstridd. Kvifor og på kva måte vert det ikkje sagt noko um, heller ikkje at nynorskfolk knytte voner til at det no kunde verta noko å henta gjennom Vogt-nemndi og skipingi av Norsk språkråd.

Midtlinenormal-myten

Det vitlause er korleis nemndi greider å snu

stoda på hovudet. På 1950-talet er det mange avbrigde millom dei som skreiv a-mål. Når ein kjem på 1960- og 1970-talet derimot slær utgreidingi fast at:

“Utover i seksti- og syttiåra skjedde det ei konsolidering av nynorsken kring ei midtlinje innanfor læreboknormalen, medan det framleis, også innanfor normalen, var mogleg å markera seg i tradisjonell eller radikal lei gjennom formvalet sitt, særleg for dei som også gjorde bruk av sideformene.”

Dette er ei tilrengjing av den røynelege stoda. Rettskrivingi på 1950-talet stend i dag fram som ei rettskriving som framleis var knytt til den høgnorske sedhevi frå Ivar Aasen. Rettskrivingane til målbrukarane på 1960- og 1970-talet vert langt på veg avbrigde av bokmålet. Det var då uttrykket bokmålisering vart skapt. Eit uttrykk som hev slege rot i motsetnad til den sokalla midtlinenynorsken som utgreidingi er glad i å tala um.

Dei som slutta upp um Vestmannalaget og høgnorskrørsla var framleis upptekne av einskap i rettskrivingi. Andre grupper var det i langt mindre grad.

Utgreidingi held fram med å synsa vidare og leggja vekt på å underbyggja eit slags midtlinenynorsk-synspunkt. Utsynet yver målstriden fram til 2002 vert skildra slik:

“I målrørsla har det skjedd ei dreining frå eit ”talemålssyn” med vekt på valfridom til eit meir tradisjonalistisk syn – med mange nyansar i begge leier. Såleis finn me ein meir tradisjonell nynorsk i målideologiske tekstar no enn i syttiåra. Men den ikkje-ideologiske eller prototypiske nynorsken ser ut til å ha gått i ei anna lei. Her verkar det som det har skjedd ei konsolidering etter dei linjene me skisserte ovanfor: ein moderat tradisjonell læreboknynorsk – med visse variasjonar, ikkje minst regionalt, men

klårt mindre enn før. Den dominerande nynorsken kan sjå ut til å ha fått ei ganske fast form, med ein regulert variasjon på visse symbolske viktige punkt og ganske einsarta formval elles. Av dei nye formene Språkrådet har tillate, har me klart styrkt seg, og -de-formene i verb på -r- har òg kome ein del i bruk, medan a-forma i ubunde eintal svakt hokjønn berre har vorte ei ideologisk markeringsform.”

Kva er den “dominerande nynorsken” Det fær me ikkje vita noko um. Dersom ein bur på Voss og les Hordaland og Dag og Tid fær ein vel like fullt eit anna inntrykk av nynorsken enn um ein bur på Sunnmøre og les sunnmørsbladi eller i Rogaland og les rogalandssavisone. Forfattarane frå ymse landsluter kann ha forskjellig rettskriving. Lærarane kann ha forskjellig rettskriving, tenesteverket i heradi, bankar og næringsliv. Det servorne for nynorsken er mangfelde. Skal nynorsken utvikla seg best mogleg må ein finna fram til det som er sams for nynorsken i ymse landsluter og vera varsam med å taka noko som helst ut av rettskrivingi. Riksmålsrørsla bruka minst 30 år med faglærde dryftingar for å tryggja seg at ein ikkje skulde gå for fort fram, og ein vilde ha fagleg tyngd yver arbeidet med rettskrivingi i samsvar med det beste i den skriftlege sedvanen.

Språkrådet hev vorte pålagt radt serleg å løysa upp skilnaden millom dei ulike formgraderingane i rettskrivingi og samstundes skapa større stabilitet. Det gjer ein kannhenda gjennom å fjerna ein del av samnorskformene som er minst bruka og gjennom å tillata stor skifterikdom millom hevdvunne nynorskformer og innarbeidd nynorsk gjennom klassisk og nyare boksoga. Ei varsam avskiping av samnorskformer og elles slutt på fylgjebrot der folk aldri kann læra seg valfridomen som til dømes når ein kann bruka -y eller -ø.

Bokmålisert husnormal

Av Lars Bjarne Marøy

I Dag og tid hev havt mykje stoff kring arbeidet med nynorsknormi i Språkrådet no i vår millom anna fleire lesarinnlegg som forsvarar høgnorsken. Den opne høyringi bygde på eit utkast frå Riise-nemndi som nemndi so sende vidare til styret i Språkrådet og som Språkrådet deretter hev sendt til Kulturdepartementet. I samband med den opne høyringi som Språkrådet hadde i slutten av februar hadde Arvid Langeland, Thorger Holm og Sergej Munkvold nokre innlegg som ein kann merka seg. Seinare hev det kome til fleire innlegg kring fyrehavingi av nynorsknormi. Me skal taka fyre oss nokre hovudlinor i desse innleggi.

Arvid Langeland leidar i Voss Mållag hev merkt seg ulike måtar å skriva velkomen på etter at nemndi hev gjort undan det utkastet som hev vore uppe på høyringsmøtet. Han skriv:

“Rettskrivingsnemnda meiner at setninga «Me ynskjer velkomen» skal kunna skrivast på seksten ulike måtar: 1. Vi ønsker velkommen 2. Vi ynskjer velkommen 3. Vi ønsker velkommen 4. Vi ynskjer velkommen 5. Vi ynskjer velkommen 6. Vi ynskjer velkommen 7. Vi ynskjer velkommen 8. Vi ynskjer velkommen 9. Me ønsker velkommen 10. Me ynskjer velkommen 11. Me ønsker velkommen 12. Me ynskjer velkommen 13. Me ynskjer velkommen 14. Me ynskjer velkommen 15. Me ynskjer velkommen 16. Me ynskjer velkommen

Det burde vera nok å kunna velja mellom alternativ nr. 8 og nr. 16.

Dette er ikkje noko lang - henta døme; for nemnda har i stor grad valt valfridom i frekvente ord og fjerna valfridom i ufrekvente ord. Det burde vera motsett: Valfridom i eit sjeldsynt ord som hovold har praktisk lite å

seia. Men når ein kan velja mellom å ynskja, ynskje, ynska, ynske, ønska, ønske, er det meir normoppøysing enn normfastsetjing.”

Det er litt av nokre framtidssyner nemndi hev havt fyre seg, er det likt til, um ein skal tru Langeland, for utgangspunktet for delar av normgjevingi er frykt for den teknologiske framvokstere på datafronten.

“Nemnda har drøft kva som kan skje med nynorsken i framtida, ettersom det truleg vert stadig meir av maskinell omsetjing. Nemnda fryktar at det då er dei formene som fell saman med bokmål, som vert ståande i læremateriell, medan tradisjonelle former av sentrale ord vert valde bort.”

Langeland avsluttar med å slå fast tilhøve som gjer oss visse på at nemndi utruleg nok gjeng endå lengre i å innføra samnorsk enn

nokon gong fyrr, trass i at Stortingsmelding nr. 13 var tindrande klår, og vår tids målpolitikk skal byggja på at nynorsken skal kunna utvikla seg best mogleg og ha større stabilitet. Han skriv:

“Nemnda opnar likevel for vidare tilnærming til bokmål i stort omfang, trass i at tilnærmingspolitikken er offisielt avslutta:

1. J-ause former vert jamstilte med former med j: å tenke/tenkja, legge/leggja; ei brygge/bryggje

2. Mange linne verb som i dag har -de i preteritum i læreboknormalen, vil òg kunna få -te. Dette gjeld vanlege og viktige verb: kjende/kjente, nemnde/nemnte, hørde/hørte.

3. Samsvarsbøyginga i linne verb vert delvis forboden og elles gjord valfri.”

Sergej Munkvold meiner å kunna slå fast at den nynorsken folk ser mest vert meir bokmålisert, samstundes som me vel kann slå fast at dei som fylgjer normi fær mindre fridom til å skriva god nynorsk, eintydig bokmålisering med andre ord. Munkvold skriv:

“Det er rett at talet på former i rettskrivingsframlegget er mindre enn det samla talet på hovud- og sideformer i gjeldande rettskriving, men talet på former i læreboknormalen aukar; former med mykje større bruksutbreiing enn sideformene. Det er desse formene nynorskbrukarane oftest møter - t.d. i lærebøker, i det offentlege og i NRK. Språkbrukarar lærer normi fyrst og fremst etter skriftlege føredøme, ikkje etter oppføringar i ordlista. Desse føredømi vert no meir formsprikjande. Me får ein nynorsk som er mindre «tydeleg, enkel og stram» enn før.”

Munkvold hevdar at dei formene som gjeng ut, er former som er lite bruka, medan dei som er att vert mykje bruka. Munkvold meiner at vandumålet er å skapa regelrette former, ikkje å taka vare på mykje brukte former. Det er ein tankekross.

Det stend att eit nynorsk kjerneordtilfang med auka formspråk, medan hovud- og sideformer der det er mange bokmålsnære former ofte vert gjorde til hovudformer. Skipnaden med hovud- og sideformer - bolverket mot altfor stort formspråk - er burte.

Endå ein gong kann me for part slå fast at bokmåliseringi er eintydig og ikkje til å tala seg burt frå. Nemndi hev vore sers lite gjævelyndt mot hevdvunne Aasen-former og på det næraste framstelt det slik at det er Aasen-norsken som hev skapa tilfløkjingane for nynorsken, eit mål som dei færraste ser. Det er verkeleg ein tankekross. Stoda for nynorsken vert altså ikkje betre, men verre etter arbeidet til nemndi. Dette er um mogleg fyrste gongen det kann vera grunn til å halda fast på Helleviks nynorskordlista, for utfallet av arbeidet til nemni er låkare enn stoda i dag.



Stødt der målfolk må vera med...

Foto: Greg Rødland Buick (KK).

Munkvold kann samla seg um fylgjande slutsats:

“Det ideelle er ikkje målet, men rettskrivingsframlegget er langt verre enn status quo. Ei reindyrking av altfor stort formspråk i kjerneordtilfanget må enda i ein tragedie for nynorsk bruksmål. Då kjem få eller ingen i framtidi til å lesa Ivar Aasen, men heller ikkje Edvard Hoem, men mange kjem til å lesa Holberg og Bjørnson og høyra bokmål på Det Norske Teatret, det nye talemålsnære folkemålet.”

Thorgeir Holm hev tilliks med dei andre gjenge matematisk til verks og kann visa oss på endå ein måte at nemndi driv med å bokmålisera nynorsken. Her er det skilnaden millom hovud- og sideformer han kann peika ut for oss:

“Det eine er dei handfaste endringane i framlegget, som inneber at nynorsken skal tilpassa seg bokmål i større mon enn før. Klammeformene stig opp til full status, og endå det ryk ut ca. 60 bokmålsnære former, mest monoftongformer, kjem det inn minst 24 nye reine bokmålsformer av høgfrekvente ord, m.a. følge, ankel og svømme. I tillegg vert samsvarsbøyginga og fortidsformene av e-verba heilt omlaga; det som i tradisjonell nynorsk var endeframe og gjennomførde system, vert ein floke utan like som berre gjev nokorlunde meining dersom utstødet er bokmål.”

Holm peikar vidare på det grunnleggjande at nemndi er meir huga på å fylgja sosiolingvistiske maktmenneske enn å fylgja grunnkrefter i kulturlivet:

“Det er symptomatisk at Riisenemnda ikkje tek i dette mest sentrale spursmålet for nynorsken med eldtong eingong. Det speglar i grunnen berre ein politisert norsk sosiolingvistikk der det nærast er tabu å nemna bokmål som den største krafta i dei mange målomskifta i Noreg i dag. I staden fær me høyra om regionalisering og utjamning, liksom dette er ein sjølvdriven intern prosess i målføra. Denne sjølvneitinga er det same som å neitta seg - og alle oss andre - eit eige språk.”

Klaus Johan Myrvoll kjem med eit innkast til Riise-nemndi 13. mai der slær han fast at det vert innført nye bokmålsformer i nynorsken med det at ein innfører reine bokmålsformer,

som hev vore sideformer, til hovudformer.

So peikar Myrvoll på at det er ei kjend sak at eit fleirtal av dei feili eller normbroti som meir eller mindre dugande nynorskbrukarar gjer, kjem av innslag frå bokmålet. Av di språkbrukarane kjenner bokmål betre enn dei kjenner nynorsk, blandar dei inn språkdrag frå bokmål i den nynorsken dei skriv. Slik ihopblanding ser ein ofte i mindretalsmål, brukarane «låner» drag frå fleirtalsmålet.

Det er difor ikkje yverraskande at nye former og skrivemåtar som kjem upp i den nynorsken som vert skriven, er henta frå bokmål eller er ulike slag tiljenkingar med bokmålsformene. I ei slik stoda må dei som styrer med reglane i språket vera på vakt og arbeida mot at fleirtalsspråket fær for mykje å segja for normeringi. Ein naturleg del av normeringsarbeidet vert å setja opp merkestear mot den uynskte påverknaden, hevdar Myrvoll.

Det kann ein ikkje segja at rettskrivingsnemndi hev gjort. Når ho i staden vel å lyfta upp nye, bokmålspåverka former til norm, gjev det seg sjølv at utfallet vert ein nynorsk som ligg endå tettare upp mot bokmål. Soleis fær me ein vond spiral med ein svært bokmålsuppblanda nynorsk som fylgjestrengt sluttspunkt. Ei slik utvikling kan snau sameinast med ynsket om ei «tydeleg, enkel og stram norm» for nynorsk, avsluttar Myrvoll.

Språkrådet sende i slutten av mai, saki um ny rettskriving i nynorsk yver til Kulturdepartementet. Seinare hev Johan Myking stade i brodden for ei oppfylgging i Dag og Tid 10. juni. For det viser seg at at i samband med at Språkrådet tilrådde ny rettskriving, sende ho eit brev til departementet. Her heiter det at styret vedtok tilrådingi slik ho låg fyre, men styret vil seinare: “fastsetje ei tilrådd norm for nynorsk” og “stimulere (...) viktige normagentar til å bruke norma”. I staden for at ymse institusjonar lagar sine eigne husnormer, vil Språkrådet lage ei “husnorm” for alle. Den indre norma skal gjere det lettare å skrive “regelrett og stilsikkert”.

Dette siste utspelet frå styret i Språkrådet hev vorte grunngeve av Ottar Grepstad. Han meiner at den ny rettskrivingi fyrst kann havast fyre i departementet og so kann språkrådet få sitja og gjennomføra korleis normi skal nyttast i røyndeg. Når ein ser desse utspeli saman med det me elles hev sett av spel frå Språkrådet si sida, og korleis dei politiske utspeli frå politikarane er vortne vridne og rengde inn og ut, hev me i røyndi ingi tru på at dette fører fram. Ordskeftet kring normeringi viser tydeleg at vyrnaden for nynorsknormeringi er i ferd med å falla burt. Folk kjem til å skriva nett som dei vil i framtidi, um ein ikkje stoggar galskapen. Det lettaste for departementet er å underkjenna heile arbeidet til den språknemndsutpeika nemndi og lata nynorsken vera som han er.

Nokre tankar um «europeisk heimstadsreiseing»

Av Siv-Kari Hjelmås Johansen

Siv-Kari Johansen hev studert nordisk og psykologi og arbeider til dagleg i helsestellet. Ho hev vore på ei nordisk tilskipping um europeisk heimstadsreiseing (identitarisme), ei ny politisk retning som ute i Europa hev fenge vind i segli det seinste tiåret.

I byrjingi av november 2010, tok det til å koma ut at det endå ein gong skulde haldast eit skeid um europeisk heimstadsreiseing som skulde heita: "Identitær idé" i Sverige, eitt år etter det fyrste treffet som berre var for nokre fåe innbjudne. I januar fall einskildebrikkene på plass, og vevsidone vart lagde ut på nettet på tilskrifti www.identitet.org: emne for 2011 var Europa si framtid.

Dagen kom, og me tok toget ut til staden det skulde haldast: det stadeigne kulturhuset i ein av dei mange bydelane i Stockholm. Sverige hev nått yttergrensa når det gjeld «politisk korrekt framferd og grunnsyn», difor var det naturleg nok spanande å koma inn i den fine møtesalen, der ein p.g.a vanskar med straumtilkoplingi laut nytta ein god time til å helse på gamle og nye vener. Etterkvart kom straumen endeleg på plass, og ein møtelyd på burtimot 130 menneske i alle aldersgrupper kunde finna seg ein stol og få velkomehelsing frå møtetyraren Andreas Nilsson.

De Geer: -Verdiane våre er truga

Baron Jonas De Geer, som var på heimferd for fyrste gong på mange år (han bur på Orknøyan med kona og to døtrer), skulde halda fyrste tala. Han er ein av dei mest høgvyrde nasjonale kreftene i Sverige og likeins på bloggportalen Motpol, difor var det knytt store voner til talen hans. Han tok opp at det europeiske serpreget gradvis vert nedbygd i Europa, so sakte at ein snaudt ansar på det sjølv. Han nytta døme på ei meir ytterleggåande utgåva av det same i etterkrigstidi i Romania, der rumenske tjodlynde (nasjonale) vart heilevaska av det nye kommunistiske herreveldet til å snu opp ned på alt dei heldt kjær i livet, gjennom lekamleg mishandling og gjennom sjeleleg vald i fengselet. Dette er umtala i boki *The antihumans/De antimänskliga* av Dumitru Bacu, som sjølv upplivde terroren. Etter å ha vorte mishandla lekamlegt i fleire månader, vart dei sterkt truande fangane tvinga til å hæda Jomfru Maria, Gud og kyrkja, før dei vart tvinga til å baktala heltar i den rumenske saga og likeins huslydane sine. Til slutt fekk dei i oppgåva å læra seg stygge livssogeskildringar um seg sjølve som dei so skulde leva seg inn i heilt til dei godtok dei og rekna dei for sanne. Til slutt, kunde det kommunistiske partiet fjerna all synd frå dei gjennom å taka dei opp som medlemer, og då var dei endeleg gode kommunistiske borgarar tilliks med andre. De Geer hevda at dette er den same sakte nedbrytingi som ein i dag gjeng gjennom yver heile Europa,

men sidan det skjer so sakte tenkjer ein ikkje yver kva som skjer innan ein godtek dei frammande og mot-europeiske verdiane som sine egne.

Järvenpää: -Ei sunn sjel treng ein sund lekam

Samfundsforskarer John Järvenpää som hev bloggen Reaktion.nu på Motpol heldt no ein flammande tale um det naudsynste i å ikkje berre liva godt i samsvar med europeisk tankegang og ideologi, men ogso å liva i tråd med økologiske og sunde kroppslege grunnsetningar. Han tok opp ei lang rad med giftstoff i mat og andre varor som ein nyttar til dagleg. I dag tenkjer me knapt yver at desse varone kann vera sers skadelege for kroppane våre. Det å halda seg mest mogeleg giftfri er ogso ein viktig del i striden um det vestlege levnadssettet: um det so er alkohol elder brus, er det neppe slikt som gagnar oss, so kvifor ikkje berre halda seg burte frå det?

Sunic: -Me må våga tenkja nytt

Neste talar var Tomislav Sunic. Han la vekt på serpreg og eigenart og kvifor dette er viktugt i striden for det vestlege levnadssettet. Sunic tala um kor viktugt det er med viljestyrke og glohug. Alt for mange tiltak og menneske som er med i arbeid for europeisk heimstadsreiseingar er alt for prega av den tafatte tidi me lever i, sa Sunic, men i staden burde ein helder læra ein ting elder tvo av einskilde tildriv på «vinstresida», der ein etter lang tids innsats ofte ser store landevinningar. Han tala um vikti av å finna serpreget sitt utanfor notidssamfunnet, sjølv er han nokso eineståande i sitt slag. Han hev vore høglerar (professor i klassiske fag og klassisk litteratur i Sambandsstatane, i tillegg til at han talar flytande fransk, engelsk, tysk og naturleg nok kroatisk. Sendemann i utanrikstenesta hev han òg vore, so det var litt av eit kupp å klara lokka Dr. Philos. Sunic til Stockholm.

I sjølve tala si slo han fast som ei kjensgjerningi at alt større delar av samfunnet er tufta på å mjølka den sokalla «vonde kvite mannen» for pengar, slik vil ein på ein sløg måte senda desse pengane ut til andre «undertrykte» grupper i samfundet. Vandemålet er at den gruppa som arbeider og tener pengar vert jamt mindre og den gruppa som ikkje arbeider vert jamt større. Um ikkje radt lenge kjem den europeiske mannen til anten å verta burte, elder - kanskje meir tillokkande - gjera noko med den stoda der han vert gjort til «syndebukk» for ikkje-europeiske grupper som legg fram eit tenkt historisk og tillaga hat mot denne europeiske mannen. Kor lenge skal europearen leggja ut for å fremja livi til ulike folkegrupper som er mottevlarar til han sjølv, spurde Sunic i talen sin. Han held fram med å segja at det er på tide å endra dei statlege grunnsetningane til noko meir rettvis. Sunic understrika likevel i tala si at det

aldri er den einskilde innvandraren sin feil at grunnsetningne er so prega av eit anti-europeiske standpunkt på alle sett, men at det i staden er det liberale og marxistiske tankesettet som i dag pregar alle sidor av våre liv, i nært samarbeid med ein kjerne av utvalde næringslivsfolk som tener ovstore summar på å selja ut framtidi til folket sitt.

Arbeid for ei nasjonal dagsavis

Etterpå fylgde ein stutt gjennomgang kring bladtiltaket Nationell idag som hev lukkast godt. Bladstyraren Vavra Suk stod for den. Bladet fekk nyss store presseuppslag av di dei fekk pressestønad på fleire millionar etter at dei hadde arbeidt knallhardt mot dette målet. Dei hev per dags dato kring 1800 tingarar, men ver-var jamt nye til den veksande avisa. I dag kjem bladet ut ein gong i vika, men i lengdi ynskjer dei å gjera ho um til dagblad, men for å koma dit treng dei fleire tingarar og meir stønad, noko som fylgjer hand i hand, sidan stønaden frå staten aukar i same storleiksgrad som talet på dei som tingar bladet. Det nye bladet finn åt mektige krefter i samfundet, men hev rimelegt stor takhøgde og kann avløysa andre blad, for dei som vil ha åtfinningar til rådande meiningsspreading i samfundet, same kva politisk kant tingarane skulde kjenna seg heime på.

Til slutt på kvelden var det tid for å samla eit ordskitlag, ordskitet millom fyredragshal-darane kom diverre aldri skikkeleg i gong av di det vanta tid. De t vart ei litt leid stemning millom den fyrr-kristne Sunic og den katolske De Geer, men sidan ordskitet vart so kort at dei aldri rakk å verta anten uvener elder forlikte. Ein fær vona dei fann ut av det etter at sjølve ordskitet var yver.

Rikhaldige bokbord

Timane flaug snøgt forbi, og sidan mange hadde reist langt frå heile Norden, kunde ein kann henda ha ynskt seg enno meir tid til berre det å verta betre kjende med andre nordbuarar med høge hugmål. Litt seinare på kvelden fekk ein god mat av kjøt og pasta, men for dei som ynskte det var jamvel grønsaksrettar tilgjengelege. Kiosken var open under alle kvilelyktene, og der kunde ein meska seg i det rike utvalet av drikkevaror, mat og anna. I tillegg hadde ulike samskipnader bord under heile treffet, der dei anten selde varor elder viste fram seg sjølve, slik at folk kunde melda seg inn eller slutta seg til deim. Til stades på dette viset var kunstutstillingane til Markus Andersson og gatekunstnaren Dan Park, der sistnemnde gjorde eit lögjelegt og gjevande inntrykk på dei fleste av di han var so godlynt og hadde ein gløgg personlegdom. Vidare hadde forlaget Arktos eit stort salsbord, og likeins hadde Tomislav Sunic eit bord der han selde sine tvo nytgjevne bøker:

Postmortem Report: Cultural Examinations from Postmodernity (Collected Essays) og Against Democracy & Equality, b e sers spanande b ker um det «europeiske nye h gre» som underskrivne kann tilr . Som um ikkje dette var nok, hadde bladtiltaket Nationell Idag eit bord der dei selde tingingar til nedsett pris. Ei stutt utgreidig fr  den nytilskipa nasjonale studentskipnaden Svensk Student vart det  g tid til, og m let deira er   fremja eit nasjonalt syn innanfor vitskapsverdi.

Kulturelt program: Winglord

Kvelden n rma seg no slutten, og br tt vart ljosi

sette ned og tonekunstndaren Winglord som nyleg gav ut sin fyrste CD p  Arktos fylde scena med ljod, lj s og l t som var henta fr  europeisk saga i ein kraftig nyklassisk kveldsmusikk i ny-folk-genren. Stemningi i salen n dde mest nye h gder, og fleire att tinnslag tvinga seg fram.

Notti seig diverre p , og dagen hadde vore fylt til brestepunktet med innhald, men n rma seg slutten. Sakte, men heilt visst, kom ljosi p  og stolar vart rulle burt, i ein sal fylt med tindrande augo. I fleirfaldige timar hadde varmhuga nordbuarar knytt nettverk, ledd, ete, handla, h yrt og dr ymt. Langt burte fr  den falne samtidi som denne kalde vinterdagen i den

nordiske hovudstaden i alle fall for  in dag kunde gl ymast heilt burt. Dei som var med fekk Ingen kl re svar, men mange sm e r yster gjorde seg gjeldande, r yster som til saman i lengdi kann utgjera den krafti som skal til for   snu ei falli samtid til str l nde samskandinaviske hugm l. hugm l der h gnorsken er det naturlege m l for eit sameint norsk folk i eit sameint Norden med si eigi europeisk heimstadreising. Lat oss nytta tidi fram til neste Identit ter id  godt i striden for retten til   vera oss sj lve og ha v rt eige levnadsvit.

”Tolv vintrar hadde kristendomen vore i Noreg”

– Runesteinen fr  Sm la

Av Kenneth Kiplesund

”Tore og Halvard reiste denne steinen etter Ulv... Tolv vintrar hadde kristendomen vore i Noreg...”. Denne innskrifti finn me p  ein runestein som er tidfesta til kring  r 1000. Ved fyrste augnekast ser ikkje dette ut til   vera noko   lyfta p  augnebryni for. Men dette er i r yndi fyrste gongen me finn namnet Noreg bruka p  norsk jord. Det er  g eit av dei tidlegaste vitnem li um kristendomen i landet v rt. Steinen hev fenge namnet Kulisteinen, sidan han vart funne p  Kul y i Sm la kommune p  Nordm re.

I 1913 vart steinen fjerna fr  Kul y, og frakta til Vitskapsmuseet i Trondheim. P  langsida hadde steinen ein kross, noko som tyda p  at det hadde vore ein kristen merkestein. Fyrst i 1956 vart runeinnskrifti oppdaga og tolka. P  midten av 1990-talet gjorde ein ei laseravlesing av skrifti. Utfallet var at ein fekk ein mistanke um at ordet som tidlegare hadde vore lese som ”vore”, i staden skulle ha vore lese som det norr ne ”um rett”. Dette gav ei onnor tolking enn den fyrste; nemleg at kristendomen hadde ”syrgja for lov og rett” i ”tolv  r”. Innskrifti ber preg av engelsklita m l, og er kann henda reist av ein tvospr kleg kristlyndt misjon r.

Det hev vorte set fram tri framlegg til vidare gransking um n r og kvifor Kulisteinen vart reist:

- Han hev samband med H kon (den Gode) Adelsteinfostre sin freistnad p    kristna Noreg (rundt 950-955). Kulisteinen er d  reist ein gong i 960- ri.

- Steinen kan setjast i samband med kristningsfreistnaden hans Olav Trygvasson, n rre knytt til tinget p  Drageidet p  Sunnm re i 996 eller 997. Snorre Sturlason skriv at p  det tinget gjekk folket i Vest-Noreg yver til kristendomen. Dette er fyrste gongen me kann lesa i sagaen um at ein lut av Noreg var kristna. Dersom denne teorien er rett, vart steinen reist rundt 1005-1010. M lvit-



skaplege granskingar hev vist at runeinnskrifti sannsynlegvis er fr  tidleg p  1000-talet, og det er difor

sett fram ein teori um at steinen vart rissa og reist rett etter at Olav Trygvasson d yde i slaget ved Svolder ( r 1000).

- Han kan knytast til Olav (den Heilage) Haraldsson og tinget p  Moster i 1020- ri. Etter Snorre skal kristningi av Noreg ha vore fullf rt p  dette tidspunktet. Um dette stemmer, vart steinen reist p  midten av 1030-talet. Ei gamal trebru som vart funne i n rleiken av steinen hev vorte tidfesta til 1034. Ein trur at steinen og brui kan ha vorte til samstundes.

Dei fleste steinane med runeinnskrift i Skandinavia er fr  yngre j rnalder (750-1030 e.Kr.). Nesten alle innskriftene tek fyre seg odelsrett. Kulisteinen fylgjer dei vanlege og faste ordsambandi som gjeld for slike innskrifter. Kanskje var steinen meint som vitnem l um eit arveuppgjer, der dei tvo br rne tek over arven/odelen etter far sin. D 

dei reiste steinen, reiste dei samstundes kravet sitt til garden.

Litteratur

Lie, Ragnar Orten: Kulisteinen p  Sm la, <http://moreogromsdal.kulturnett.no/kulturnett/content/view/full/315>
Wikipedia: Kulisteinen, <http://no.wikipedia.org/wiki/Kulisteinen>.

M lmannen rettar!

Litteraturlista  t Kenneth Kiplesund sitt stykke i fyrre nummer, ”G ta Kaspar Hauser”, hadde diverre falle ut. Me segjer oss leide for mistaket og prentar lista i dette nummeret:

Litteraturlista for ”G ta Kaspar Hauser”

Hohlenberg, Johannes E. (1923): Kaspar Hauser. En sj ls tragedie K benhavn: Nyt Nordisk Forlag

Lang, Andrew: The Mystery of Kaspar Hauser I: Andrew Lang (1905): Historical Mysteries, www.online-literature.com/andrew_lang/historical-mysteries/6/

Russel, Eric Frank: Barnet fra N rnberg I: Tage La Cour (1960): Ul ste g ter i v r verden Oslo: Helge Erichsen Forlag

Wassermann, Jakob (2002): Caspar Hauser eller Hjertets treghet (roman) Oslo: Antropos Forlag

Wikipedia (2009): Kaspar Hauser, http://en.wikipedia.org/wiki/Caspar_Hauser
Ukjend forfattar: G ten i N rnberg I: Nigel Blundell & Roger Boar (red.) (u. .): Ul ste kriminalmysterier Oslo: Fredh is Forlag
Dessutan tri artiklar av Brian Haughton: www.mysteriouspeople.com/Hauser1.htm
www.mysteriouspeople.com/Hauser2.htm
www.mysteriouspeople.com/Hauser3.htm

Intervju med Eliwagar

Av Olav Torheim

I fyrre utgåva av Målmannen gav me ei innføring i noko av arbeidet til Eliwagar, som då var ute med låtsamlingi "Fjellfolk, saga fra forntiden". Bladet var ikkje fyrr kome i prent fyre Eliwagar var ute med endå ei låtsamling, "Sagn fra nordafolkets land". Målmannen hev teke ein prat med Runahild frå Eliwagar, gruppa som ingen kann skulda for å liggja på latsida for tidi.

-Fyrst, fortel oss litt um Eliwagar. Kvi hev du valt dette namnet? Er det du åleine som stend attum prosjektet?

Namnet Eliwagar kjem frå den norrøne gudelæra, og er namnet på dei 11 elvane som renn ut or kjelda Hvergelmir. Dei renn frå isheimen til eldheimen, og knyter dimed is og eld saman. Dei er kjeldone til alt liv og alle drivkrefter (energi) i dei ni verdene i norrøn læra um verdsbygningen (kosmologi).

Eg tok til med Eliwagar åleine i 2007, eg er framleis hovudmedlem, men Bjørn Dahl spelar i dag gitar.

-Du bur for tidi på ein fjellgard på Solås i Øvre Hålandsdalen. Korleis var det å koma frå folkerike Lorraine til ein so aude stad? Kva tykkjer du um det norske huglyndet, som visseleg skil seg frå det franske?


Framfor alt, eg har aldri kjent Frankrike som min heimstad. Denne kjensla hev vakse i meg med åri. Då eg var kring 16/17, byrja eg å kjenna at eg hørde til eit anna land enn mitt heimland, og at eg måtte søkja tilbake til det landet der eg hadde røtene mine.

Framfor alle andre land, Noreg er det landet som kallar meg mest. Eg kjenner meg sterkt knytt til naturen og energiane her. Og eg elskar målet som gjev atterklang av det fagre og mektuge i naturen. I framtidi vil eg òg vera huga på å læra islandsk, som er det eldste av dei måli me hev i dag som vart snakka her på vestlandet.

Det var ikkje noko vanskeleg for meg å fara frå eit so tettfolka område som Lorraine. Eg likar verkeleg best store område, småe bygder og nokre gardar her og der i fjelli. Eg likar alltid finleik framfor mengd. Nokre fåe grannar du kann lita på, er betre enn mange som du ikkje kjenner. Den norske smålåten-skaperen er òg mykje meir tiltalande enn fransk hovmod.

-Kvar hentar du tilfanget til musikken din? Frå norsk natur, gamal arkitektur, gamle segner og sogor, eddaen, eller heilt andre ting?

Eg hev alltid funne tilfanget i naturen, men når eg uppheld meg her millom dei mektige norske fjelli og djupe fjordar, er tilfanget



*Plateumslag på nyutgjevne
"Sagn fra nordafolkets land".*

rikare enn nokosinne. Det er fordi naturen er knytt til åndi frå forfedrane, mine forfedrar som gjev meg tilfang frå djupni av sjeli mi. Dei gav meg dette ljuset til arv, og det gjer meg til den eg er, og dei er der som ein part av naturen.

Eg kjenner meg nærare knytt til deim enn nokosinne, og dette ljuset inne i meg er sterkare enn nokosinne, og hev vorte ein sterk loge.

Det er som at alt her, er kjelde til inspirasjon, natur og språk gjeng saman til ei rein kjelde av poesi og melodiar.

Sjølvsagt er også skandinaviske songar ein inspirasjon, som til dømes den norske "Millom bakkar og berg".

Men eg vert ikkje so inspirert av Edda'ene. For meg stend dei ikkje for det ekte nordiske samfunnet og trusformi. Dei vartskrive fleire hundreår etter at Norge og Island var kristna, og til og med vikingtidi viser ikkje fram det nordiske samfundet.

Vikingtidi var ei tid med kaos i hele Europa. Gudar som Odin stod fram i den nordiske gudelæra, men var berre ei nordisk form for tyske Wotan. I Noreg var derimot Tyr den høgaste gud (også i Tyskland -

Tiwaz - fyrr folkevandringstidi). Tyr var opphavleg guden for rettferd og kosmisk orden, og Njarthar (Nerthus) var morgudinna knytt til jordi. Tvo gudar som nesten ikkje er nemnde i Edda'ene som eg kjenner sterkt samband med er Tor/Sif, Ullr/Skadi og Njord/Idunn.

-Kva slags andre tonekunstnarar hev påverka deg reint musikalsk?

Det fyrste bandet som kveikte meg til å

laga folkemusikk var Faun, og serleg songen deira "Unda". Eg bruka å lyda mest til metall/svart metall fyre dette, men folkemusikk vekte meg til eitkvart meir naturleg og ekte med gamle rytmar og gamle spelgreidor. Eg var ikke i tvil lenger, den einaste musikken eg kunde spela som passa til mi sjel var folkemusikk. Utanom kveikte Wardruna meg mykje fordi eg oppdaga hardingfela. Takka vere deim vart eg hugteken i hardingfela. Eg byrja å lyda til andre hevdvunne norske hardingfelelåter og tykte at dette var den fagreste spelgreida eg nokosinne hadde høyrte. Dette skjedde på eit tidspunkt der eg ikkje lenger skreiv musikk og var ikkje nøgd med noko av det eg kom upp med. Eg sa til meg sjølv at eg ikkje vilde laga musikk fyre eg hadde fenge tak i denne gilde spelgreida

- det gjorde eg òg.

-Hev du òg vore knytt upp til andre musikalske tildriv?

Eliwagar er det einaste ålvorlege musikktiltaket eg hev vore med på.

-Kva er det som kjenneteiknar den ideologiske/filosofiske utformingi åt Eliwagar? Heidensk, tradisjonalistisk, nasjonalistisk?

Eliwagar er heidensk musikk i si djupaste mening. Heidning var ein måte ein umgrepsfesta ikkje-kristne folk som budde på landsbygdi og som framleis dyrka dei gamle gudane. Eg bur òg på ein gard ein stad i fjelli og prøver å vera mest mogleg sjølvberga og i jamvekt med naturen, og held den gamle trui i live. For meg er denne leveformi veldig viktig for Eliwagar. Eg ynskjer å visa dei røynelege grunnsetningane attum det å vera heidning, og det er å vera fri. Å leve i naturen og prøva å vera sjølvberga, istaden for å vera bunden av pengehushaldet. Folk av idag likar å gå på stormarknaden for å kjøpa maten sin. Men for berre 50 år sidan, hadde dei fleste som hadde høve til det ein hage med grønsaker, frukt og bær og kannhenda nokre hønor og kaninar. Dei plukka sopp om hausten, dei visste kva dei kunde eta i skogen, dei hadde sjølvstende i det minste. I dag likar folk å ha ein grøn plen, sakte gløymer dei gamle kunnskaper om det å yverleva, og um lækjemiddel frå naturen som det hev teke menneskeætti århundrar, ja årtusund, å læra seg bruken av.

Dette er veldig syrgjeleg, fyrst på grunn av at dette er ein del av vår arv, kunnskap frå våre heimland. Når krisa er her med matmangel, og ein ikkje fær kjøpt mat på stormarknaden, kva skal folk gjera då? Fyrr i tidi hadde folk si eigi litle avling som kunde hjelpa i ei krise. Folk kan vera so rike dei berre vil, men

dei kann ikkje eta eit kredittkort.

Eliwagar er nasjonalist i den upphavlege meiningi av ordet. Det er kjenslone beint frå hjarta som fær meg til å elska mitt heimland (og eg kjenner heilt visst at det er Noreg). Dette fær meg til å vilja taka vare på min arv og spela og syngja for å hylla denne gilde livsformi her. Å vera nasjonalist hev ingenting med hat og vald å gjera, det handlar um kjærleik. Hadde alle arbeidt for å taka vare på sin eigen kultur i staden for å trengja honom på andre hadde me havt ei mykje fredelegare verd, tenkjer eg.

-Kann eg spyrja um korleis du ser på stoda i Frankrike, Noreg og Europa reint ålment i dag? Mange vil segja at masseinnvandringi og aukande innverknad frå islam trugar vårt levnadssett og vårt serpreg. Samstundes hev møtet med andre levestett gjort oss meir varnæme og meir medvitne um vårt eige levnadssett og vårt eige upphav. Kva tenkjer du um det?

Um me hev ein sterk kultur, kann ingen øydeleggja eller truga den. Vårt serpreg er veldig viktig meiner eg. Å vera medviten um arv og fortid og ha sterke røter gjer oss til deim me er. Der er kannhenda brotstykkje frå

fortidi me ikkje likar, men me må ikkje visa deim frå oss eller gløyma deim, me må læra av dem. Det gjeld alle folk på denne jord.

Vandemålet i Europa er at dei fleste gløymer serpreget sitt. Dei søkjer ikkje etter røtene, heller ikkje kulturen sin eller heimlandet. Dei bryr seg difor heller ikkje um å taka vare på nokon av delane. Det tyder ikkje at folk treng å vera motviljuge andsynes andre kulturar, men at dei hev vyrndnad for all kultur. Ymsesidug vyrndnad. Vandemålet i dag er at islam freistar å gjera det same som kristendomen gjorde i Noreg og Europa for tusund år sidan. Dette er ikkje ymsesidug vyrndnad.

-Finst det nokor låt på dei tvo platone du hev gjeve ut so langt som du kann kalla for ditt kjennemerke eller som er ei "programlåt"?

Eg kann ikkje plukka ut ein song, alle songane fører fram eitkvart servore og saman er dei kjernen til Eliwagar.

-So langt vert musikken din fyrst og fremst spreidd i "undergrunnen"? Er det der du hev funne din plass, eller hev du tru på eit større gjenombrot?

Kva som kjem til å skje kan eg sjølvsagt ikkje spå um. Eg hev funne ekte studnad i



undergrunnen, men um Eliwagar vert større vil det sjølvsagt auka upp grunnsetningane attum. Musikken vil då nå folks hjarto og sinn, kannhenda ynsket om å gå tilbake til naturen og finna røtene for å styrkja framtidi, då trur eg det kann verta positivt.

-Noko meir du vil leggja til?

Tusen takk for intervjuet og studnaden, du fær min studnad attende for Málmannen, og for å ikkje gløyma arven vår.

Alemania - kosekino mot Sarazzin

Av Olav Torheim

Trudde du at sosialrealismen på kino var forbi? Då hev du ikkje fenge med deg Alemania. Den tyske spelefilmen um ein tyrkisk innvandrarfamilie i Tyskland kjem snaudt eit år etter at Thilo Sarazzin skapte sjokkbilgjer i Tyskland med boki "Deutschland schafft sich ab", som hev selt i mange milliontals næme og hev tvinga politikarane til å byrja å ordskeftast um dei omfattande problemene med masseinnvandring og islam i Europa.

Ein skal ikkje ha fylgt med lenge fyre ein kann slå fast at det er ein film som det ikkje er eitkvart serskilt med, sydd etter same lest som dei mange storlagde filmane som vårt eige Norsk Film let oss få sjå meir enn nok av på 1980-talet. Som det tingingsverket i offentleg debatt som han er, kann han likevel vera spanande å sjå nærare på.

Filmen tek fyre seg tri ættleder med tyrkarar, og byrjar med bestefaren som kom til Tyskland på sekstitalet og var arbeidsinnvandrar frå Tyrkia. Tyrkarane var ikkje dei einaste som kom. Gjestarbeidarar kom det i milliontals frå Hellas og Italia med. Men med ein viktug skilnad: Tyrkarane er vortne verande fram til i dag.

Og likeins i spelefilmen: Det gjeng ikkje mange månadene fyre kona og dei tri borni er samla i Tyskland. Sidan hev familien butt i Tyskland, og vorte jamt betre til å måta seg

etter det tyske samfundet. Ja, so godt tilmåta etter det tyske samfundet at bestefaren på sine gamle dagar lyt taka heile familien med på ferietur til Tyrkia for å ikkje gløyma kvar dei høyrer til.

Den tyrkiske familien som vert måla fram må frå innfodd tysk ståstad vera den fullkomne tyrkarfamilien: Bestemor gjeng framleis ikring med hovudplagg, medan dotteri deira gjeng vestleg kledd og den eine av sønene deira er gift med ei ljosleitt tyskardama. Einaste vandemålet viser seg med ungen deira, som gjerne vil vera tysk, men som vert terga på skulen av medelevene som framleis meiner han er tyrkar.

Berre so synd at denne mynsterfamilien er so langt frå røyndomen. Medan dei fyrste tyrkarane som kom på 1960-talet helst var verdslege, hev andre og tredje ættleden vorte stødt meir ytterleggåande. Det er ikkje for bestemor det er vanleg å gå med skaut, det hev det derimot vorte for unge tyrkiske gjentor på jakt etter eigne sermerke.

Kor som er, vanskane me få finna sine eigne røter vert ikkje mindre med ferieturen til Tyrkia. For her møter dei det hevdvunne samfundet som bestefaren reiste ifrå for meir enn 40 år sidan, og som helder ikkje lenger verkelegt er deira...

Nei, det er ikkje lett for dei. Ikkje rettelegt tyske og helder ikkje lenger rettelegt tyrkiske.

Med andre ord nok av vandemål, orsak "utbodingar", å ta tak i for den store skaren sosialpedagogar og sosionomar som Tyskland takk vere det dårlege samvitet etter andre heimskrigen hev utdana i hopetal.

Men det er likevel ein viktug skilnad, som filmen Alemania stikk under stol. Tyrkarane hev i minsto valet: Dei kann reisa attende til eit hevdvunne tyrkisk samfund dersom dei ynskjer det. Den gongen var det i Tyrkia enno forbode å gå med skaut på gata. I dag hev jamvel eit islamistparti reint fleirtal i parlamentet.

Det valet hev ikkje innfodde tyskarar. For dei som vil attende til Tyskland slik det var fyre masseinnvandringi tok til, er det snart ingen stad å reisa til. Av Tyskland sine 80 millionar hev alt 16 millionar innvandrarbakgrunn. I dei store byane vert både folket og bygnadsstilen skift ut: Hundraddtals moskæar med minaret og kuppel i innarbeid islamsk form er alt vortne bygde, og hundraddtals nye skal setjast ihop.

Og hendingi med den tyrkiske ungen som vert terga i skulegarden er mest som eit avaldra moteord å rekna når ein veit at det vanlegaste skjellsordet i stødt fleire skulegardar er "scheiss-deutsche"...

Tykte du det var uhøveleg med ei filmmelding i musikkspalta? Alemania er nett like uhøveleg som innlegg i det heilt naudsynte innvandringsordskiftet som pressar seg fram.

Current 93 i Århus, Danmark

Av Stig Andresen

Current 93 lagar ein tonekunst som hev svippa ein tur innum den sokalla «noise»-sjangeren på åttitalet, seinare tufta dei tonekunsten sin trygt på den tonerike «nyfolk-sjangeren» («neo-folk»), slik vart det utyver på nittitalet og fram til i dag. Gruppa er sviv kring det eine faste haldepunktet sitt som er David Tibet, denne engelske musikaren, poeten og mystikaren som nyss fylde femti år. Elles skifter det sterkt millom kven det er som steller upp: alt ifrå songaren Douglas P i den velkjende Death in June, kjende britiske folkemusikarar som Bonnie Prince Billy, Nick Cave og mange andre hev i oppgjenom åri vore med i den umskiftelege gruppa med som hev sett seg til i Dover i England. David Tibet hev havt ein del svipturar innum okkultismen, og det var der gruppa fekk namnet sitt, i tillegg til ymse andre religiøse og mystiske retningar, no er beini tufta i ei katolsk sedvaneform (tradisjonisme). Han er grunn til å ansa på at han er i gang med å fullføra doktorgraden sin der han granskar den koptiske trusformi, so det var ein tungviktar innan europeisk kultur, religion, tradisjon og litteratur som stod på scena denne sundagskvelden i eit vårleg Århus.

Dette var den fyrste konserten Current 93 skulde halda i Skandinavia nokon gong, tilskodarane var difor prega av eit samskandinavisk mangfald. Gruppa gav ut ny plata berre tri dagar fyre konserten, so det var venteleg ei viss spaning knytt til kva låter dei kom til å spela. Seks ulike musikarar stod fram med so ulike spelgreidor som ukulele, piano, bass og



Current93 på scenen i Danmark. Foto: Stig Andresen.

mange andre spelgreidor, då dei hadde gjort innferdi si på scena framfyre den etter måten fullsette salen, sende ein ut Boney M si velkjende låt Rivers of Babylon. Ein let låti ljoma yver høgtalarane. Det fekk tilhøyrarane til å stemma i ein høg lått. Denne låti fekk etterkvart fylgje av ein skrellande ljod. Denne samanflokjingi vart avslutta med det brakket som gav til kjenne at David Tibet kom inn på scena. Det vekte vill fagning hjå dei fram-møtte.

Konserten kom no i gong, og den vara i eit par timar og førde tilhøyrarane meg sjølv medrekna inn i ein inntrengjande og fjetrande musikk og tok tankane våre langt burt i både tid og stad. Til tider kunde ein sjå heile romet svaia til det ljodbiletet som David Tibet lokka fram med ei varnæm hand, og den sterke røysti hans og den inntrengjande tilstanden han skapa, fekk fram det beste i det som er Current 93. So ulike låter som Nie-

mandswasser, Oh Coal Black Smith og nyare tilfang som Not Because the Fox Barks gjorde det heile til eit rot i hop av ljod, ljøs, svaiane menneske og ei heilt sermerkt stemning. Folkemusikk med eit nærsagt old-egyptisk preg, rolege tonerike parti, inntrengjande «skrikesjunging» frå David Tibet, og dei psykedeliske tekstene hans let ikkje éin einaste av tilskodarane standa att ukløkte. Det var som um musikken voks fram fritt på eigi hand, med David Tibet som ein fast kaptein i midten av det dionysiske oppløysigi som utfalda seg på scena og i salen denne marskvelden i Danmark. Då kvelden alt for fort tok til å enda, nær sagt kokte salen etter det glimtet av den mystiske verdi David Tibet og Current 93 hadde opna for tilhøyrane. Nokre timar eg aldri kjem til å gløyma var bak oss, det heile gjekk fyre seg ihop med danske og svenske vener som var både trollbundne og trollbindande i seg sjølv.

Unheilig - industriell popmusikk

Av Olav Torheim

Unheilig,
"Grosse Freiheit",
2010.

"Neue deutsche härte", er det noko som segjer deg noko? Kanskje ikkje. Nemner eg derimot namnet Rammstein, so er det nok fleire som kann nikka atkjennande: Den industrielle metalmusikkgruppa som på 90-talet fekk eit millomfolkeleg gjennombrøt etter å ha vore med på ljodsporet åt filmen "Lost Highway" av David Lynch - og som i Noreg jamvel hev fenge sin eigen nynorskspråklege avleggjar med musikkgruppa Rammsund.

Gruppone som høyrer til denne nye og "harde" genren vert likevel kannhenda litt i hardaste laget for sume, og det er her Unheilig kjem inn i bilætet: Songaren er



ikkje lenger so grov i målet, korkje når det kjem til røysti eller budskapen, farten er roa nokre hakk ned - og til tider er det jamvel lagt inn tonefylgje med kjensledryppande pianospel. Det er uppskrifti som det siste året

hev ført Unheilig øvst upp på listone i Tyskland.

Dei fleste hev soleides vorte kjende med andlitet åt Der Graf - mannen som stend attum gruppa. Namnet hans hev derimot vorte verande ukjend for ålmenta, for i dagleglivet vil han helst verta verande ein vanleg privatperson.

Ein kann på mange måtar segja at Unheilig hev gjort det same for "neue deutsche härte" som H.I.M og Nightwish i si tid gjorde for gotisk og tonerik metall. Enno er det uvisst kva for ei låt som kann føra til eit gjennombrøt for bandet i Noreg med, men i millomtidi kann du til dømes taka turen på Youtube og sjekka ut videoar som "Geboren um zu leben" eller "Für immer".

La Casa Fantom i Darmstadt, Tyskland

Av Olav Torheim

Det er ein sein laurdagskveld i februar i Darmstadt, Tyskland. I kjellaren på det sjølvstyrde ungdomshuset Ötinger Villa er dei mest "hardkokte" av oss samla for å høyra på hardkjerne punk. Og denne kvelden er det ei norsk gruppa som stend på scena: La Casa Fantom frå Fjæringby.

Hardkjerne punk er ei liti ovring i Noreg, men stort ute i Europa. Det er ein musikkstil som hev opphav i punk- og kringvære der folk hev avvikande meiningar og løysingar. At det fyrst er på eit ungdomshus i Tyskland at eg fær sjå dette bandet i levande live er soleides ikkje noko slumpetreff.

Musikken til La Casa Fantom kann kjenneteiknast ved å vera utforskande og umskifteleg i tilknytning til krafti i hardkjerne-punken. Det er ein sers hard og inntrengjande, og samstundes både tonerik og kjensladd, musikk.

Når eg etter konserten møter karane attum gruppa til ein prat, so fortel dei at dei nyss er byrja på ei 36 dagar lang spelferd gjennom Europa. På desse 36 dagane vert det 36 ulike konsertar. Dei skal køyra bil heile vegen Europa, og dei skal innum både Tyskland, Frankrike, Tsjekkia, Spania og Portugal.

Bård (trumbor) og Lars (bass) heiter dei tvo attum gruppa. Dei tvo er tidlegt i 30-åri, og hev havt La Casa Fantom som sitt musikalske tiltak i 11 år. I alt hev dei gjeve ut 5 EP'ar og 4 LP'ar. Bandet kjem opphavlegt frå Blitz, og på spursmål um kvar dei stend når det kjem til samfundsspursmål stadfester dei at dei høyrer til på vinstresida.

La Casa Fantom likar å henta hugsviv frå mange ulike genrar. På spursmål um dei kann nemna nokre handfaste leidestjornor, so vert lista lang, og med so vidt ulike tonekunstnar som: Motorpsycho, Kort Prosess, Wolves in the Throne Room, PJ Harvey, Robert John-



Bård til høgre og Lars til vinstre, utanfor Ötinger Villa. Foto: Olav Torheim.

son, Summoning the crows, Kollwitz, Dominic og Okkultoksat.

Når ein fær høyra um yrkesbakgrunnen åt dei tvo karane, byrjar bitane å falla på plass, både når det gjeld det fyre- seg -gjorde ljodbilætet og hugtyngsla i teksttilfanget. For Lars arbeider som elektroingenør, medan Bård er sosialpedagog og arbeider med born som hev autisme.

Meir enn berre trummer og bass

Kann ein laga tonerik hardkjerne-rock berre med trumborr og bass? Ja, so sanneleg, men det kann ein takka Lars sine ingeniørkunstnarlege evnor for.

Alle forsterkarane som gruppa nyttar seg av under konserten er det Lars sjølv som hev bygt - og her gjeng det einast i gode, gamle røyforsterkarar. Lars vil gjerne styra heile ljodbilætet, frå fyrste slaget på basstrengane, til signali gjeng vegen um ymse slags jamvektuge tilrengjingar og dinæst dundrar ut høgtalaren.

For å få fylldig ljod hev Lars utstyrt Bård med 2 ulike ljodstyrkjarar (mikrofonar) på bassgitaren sin: Ein som gjev gitarljod og ein annan som gjev bassljod.

Distanserar seg frå svartmetall

Livet kann vera vandslegt, og La Casa Fantom set søkjeljoset på dei myrke sidone ved menneskesinnet. Gjennom musikken deira kann ein dessutan få ut sinne, og det er etter deira syn ei kjensla som det sumtid kann vera greidt å ha.

Dei djupare meiningane i tekstene deira handlar um å kunna liva på ein ekte måte og skapa sitt eige liv slik som ein ynskjer det. Slik sett ikkje so ulikt svartmetall, men likevel med ein viktug skilnad:

For svartmetall er einskildmannsmusikk og hev som utgangspunkt at kvar mann stend for seg sjølv - det skal helst ikkje finnast eit kringvære for "svartmetall" i det heile, helder sjølvstendige artistar som stend for kvar sine tiltak og liver ut sine eigne hugsviv, som Fenriz frå Darkthrone hev sagt det. I kringværet av hardkjerne-menneske handlar det derimot meir um å stå saman og skapa noko nytt i lag.

Dei tvo medgjev difor at dei hev lite samband med svartmetallscena. Lars understrikar vidare at då svartmetall fekk sitt gjenombrot, førde det til at pengane fekk styra tonekunsten. La Casa Fantom trivst derimot betre med eit fätals oppglodde og innvigde hardkjerne-vener i kjellaren og god samverknad med tilhøyrarane. Eller for å gjeva siste ord til dei sjøve:

"Det vil nok framleis vera meir sannsynlegt å finna oss på scena ute i Europa enn i Noreg, men det er like greidt for oss. Det er her i undergrunnen me hev funne vår plass."

Sjå konsertupptak med La Casa Fantom på Målmannen sin Youtube-kanal:

<http://www.youtube.com/maalmannen>



Dresden og andre heimskrigen

Av Lars Bjarne Marøy

Olav Torheim kunde i fyrre nummer melda um freistnadene på å stogga massemynstring til minne um skrekkbombingi av Dresden. Det er tankevekkjande at det skal vera so vanskelig å få til ei tilkjennegeving av at det som skjedde i Dresden var misgjerningar og ein udåd. Det er slett ikkje noko dei vestlege samgongslandi kann vera serskild byrge av. Nett no i skrivande stund hev me lagt attum oss nokre månader med krigføring i Libya. Der hev vesten ved Atlanterhavspakti endå ein gong sett inn bombefly. Det same skjedde i Jugoslavia/Serbia. Er dette ei krigføring som toler dagsljøs? Ein kann undra seg. Det er iallfall ei krigføring som er feig og prega av velvære for krigsmakti, men um me gjeng nøgnare inn på saki, so er det grunn til å spyra seg korleis einkvan kunde finna på noko so kaldblodig som berre å driva krigføring frå lufti. Då må ein attende til nett den krigføring dei vestlege samgongslandi førde mot Tyskland og Japan under andre verdskrigen, og Dresden er ein viktig part av den store samanhengen.

Herstyrkane til Hitler og Stalin slakta ned folk for fote med ufatteleg råskap, men det var vestmaktene som steg for steg kom fram til at sokalla strategisk bombing skulde verta ein hovudreiskap for siger i den fullstendige krigen. Aldri tidlegare i krigssoga hadde so fåe valda so mange so mykje lidning. Fleire kilometer yver bakken sleppte flygarane bombone sine ned med grunnlag i tillaga yversyner yver jordflata nedanfor. Etter på vende dei attende til hovudkvarter på den fredelige engelske



Offer for alliert bombing i Dresden, februar 1945.

landsbygd. Ymse fly speida umkring og tok bilete, utgreidarar gjorde utrekningar og nye åtak vart planlagde. Ein fann fram til ei heilt ny krigføringsform, i denne krigføringsformi møttest aldri gjerningsmenn og offer. Flygaren augnefor alt frå skyene og synene hans frå skyene vart grunnlaget for heile krigføring og tankegangen attum krigføringsmåten.

Etter krigen hev tyskarane gjenge grundigt til verks med sin Vergangenheitsbewältigung, i høve til holocaust som det yste uttrykk for nazismen som tilskipa vondskap. Dei vestlege samgongslandi, hev derimot sett på krigen som ein strid millom gode og vonde krefter. Dette er eit sogesyn som hev havt ein sterk og rettferdiggjerrande verknad. Men er det eit synspunkt som me kann leva med? Er me alltid hundradprosent moralske? Og kven var det eigenleg som tente på bombingi? Dresden vart trass i alt kommunistisk, so kannhenda gjekk vinningi upp i spinningi. Ei krigføring som ikkje tek omsyn til det endelege utfallet, treng ikkje å tena til vestens fyremun. Det er ikkje tvil um at det er vanskelig å vera etterpåklok, og i ein slump høve var det nok både ynskjeleg og kannhenda rettkome å bomba, men ein treng ikkje å gå lenger enn til Bergen og Laksevåg fyre ein ser korleis ein heil skule, Holen skule, kunde verta øydelagd og ei rad born redsleskadde av luftbombing, jamvel i Noreg. Offeri hev ikkje alltid vorte ivaretekne på beste måte.

Um me vender oss beinveges til Tyskland, meiner historikaren Fredrik W. Thue at ei viktig grensa vart yverskridi i mars 1942, då Lübeck vart øydelagd på ein målmedviten måte av det britiske flyvåpnet. Byen vart vald av generalane ikkje fordi han tente til noko krigsfyremål, men fordi han utgjorde eit mjukt skræmslemål: ein historisk gamleby med tett folkesetnad i trehus som var svært brannfær-

lege. Året etter vart denne vel gjenomtenkte framgangsmåten nytta jamt meir. Framfor alt luftåtak mot Hamburg i juli 1943 synte til fulle kva for krefter ei planlagd og gjenomtenkt brannbombing kunde løysa ut. Eldstormar med orkans styrke la alt som kom imot i oska og gjorde tjuve kvadratkilometer til ei øydemark. 45.000 menneske vart drepne, dei fleste kvinnor, born og gamle. Dresden vart som me såg i fyrre nummer bomba i februar 1945 og bombingi fylgde same mynster, med mykje større eldkraft og talet på offer vert av sume rekna for å vera tvifaldigt so stort. Til skilnad frå Hamburg tente byen knapt til noko fyremål for krigføring, men byen vart som Lübeck rekna for å vera eit sinnbilete på den tyske nasjonen. Terrorbombingi vart òg ein kulturkrig der vernarar av ålmenn folkesed (sivilisasjon)medvite øydela mykje av den europeiske kulturarven.

Dei vestlege medgangslandi dreiv ei uavgrensa krigføring og planla grundig korleis dei skulde bomba Tyskland og Japan, slik at dei skulde få sett desse landi ut av krigen gjennom å gjera leidarane og innbyggjarane nedtrykte og vanmektige. Denne framgangsmåten vart forsvara og vart rekna for ein naudsynt lekk i ein rettferdig krig, ein meinte at livsformi til heile den vestlege menneskeætti stod på spel og at det rettferdiggjorde krasse verkemiddel.

Fyre D-dagen var bombefly det einaste røynelege og verksame midlet ein rådde yver um ein skulde slå attende mot motparten. Det var altso eit uttrykk for vanmakt at dei vestlege medgangslandi dreiv med bombing av Tyskland. Å bomba dei sivile var eit vonde som skulde hindra at nazistane underla seg Europa frå Volga til Brest. Men dei vestlege sambandsfelagane hev, slik me ser det i ettertid, ikkje nokor yvertydande sak når ein kann sjå at illgjerningane heldt fram og at dei i



Målmannen-redaktør Torheim var med og demonstrerte mot krigsbrotsverki.



Endå so store øydeleggjingane var i 1945: Det unike bysentrumet i Dresden stend framleis på UNESCO si verdsarvlista.

røyndi auka på etter kvart som sigeren rykte nærare. Då tyske bombefly var i stand til å slå attende mot Coventry og London, heldt ein att på bombingi. Då ein fekk eit betre herredøme i lufti vart hugen til å skrekkbomba større. I 1945, då Tyskland og Japan var i ferd med å tapa, kasta ein av seg tvilsmåli og bomba meir enn fyrr. Dei vestlege medgangslandi gjekk frå å forsvara seg i innleiingi av krigen og til å føra einkrig som til slutt ikkje lenger var likeforma med den tyske. I denne krigsbolken drap dei ned mengder av menneske utan å frykta mottiltak, hemn eller straff frå tysk sida.

Dei folkevalde i USA og Storbritannia tykte skrekkbombingi var tillokkande. Med bombingi fekk dei færre tap og større utteljing. Itillegg var USA yverlegen når det galdt vitskaplege, ingeniørfaglege og teknologiske hjelperåder og hadde dessutan eit større mangfald av næringsgreiner og pengetilgangar. Øydeleggjingi av Tyskland og Japan vekte samhug hjå mange av di det var fåe hermenn som var i strid og dei som kriga kunde koma heimatt. Nokre av dei vart skotne ned døydde, men mange kom seg undan, so tapstali vart ettermåten småe. Slik kunde land med folkestyre råka land som var styrde av umenneskelege einestyrarar utan at dei gav upp si eigi livsform med å ofra store grupper av hermenn.

Men luftkrigen til dei vestlege samarbeidslandi hyste ein fårleg tankekross: Dei kraftige bombeåtaki førde med eg at tyskarane ikkje kunde sitja trygge i heimane sine og spreida død og liding yver andre folk. På den andre sida var det nett det britane og amerikanarane kunde gjera

Frå bakken såg det lenge ut som at Dresden skulde sleppa undan bombing under krigen. Men brått - natti millom 13. og 14. februar 1945 – kom det svermar av britiske og amerikanske fly bombelaster yver både gamle- og nyebyen. Vantrue byborgarar og flyktningar fær ei ufatleig otta og redsle yver seg. Flyåttaket gjeng fyre seg i puljar. I springvatn (fontenor) ligg folk døde. Folk hev kome i ei illstoda og trudde dei kunde redda seg frå eldhavet som fosforbombone skapa. Men bombone fær vat-

net i springvatni til å koka. Tusundvis av menneske vart brende levande.

Alle dei kjende stadene ligg att som oskehaugar, barokkyrkja Frauenkirche, slottet, lystslottet Zwinger, den katolske hoffkyrkja, Gottfried Sempers eventyrlege operabygning. 14. og 15. februar vart Dresden utsett for nye, ovharde bombeåtak frå tungtslåande amerikanske fly. Dresden er død. På Altmarkt rett utanfyre den utbrende Kreuzkirche ligg berg av lik reiduge til å verta brende heilt burt. Kor mange miste livet? Det veit ingen heilt visst. Aftenposten viser til at det finst kjeldor som hevdar at det kann vera 35 000 eller som William L. Shirerhev hevda minst 120 000.

Når det gjeld korleis ein skal døma yver bombeåtaki mot tyske byar kjem Harald Støren med eit innspel i Dag og Tid. Han meiner at det kann vera gagnlegt å sjå på korleis ein som sjølv upplevde bombeåtaki den gongen, ser på dei i ettertid. Den norske ingeniøren Sverre Bergh studerte i Dresden i krigsåri og greidde i fire år å melda frå um viktige hendingar innanfor den tyske krigsnæringi, slik at dei vestlege samarbeidslandi fekk avgjerande opplysingar, denne innsatsen vart han lønt for etter krigen. Han skriv um bombingi av Dresden i boki Spion i Hitlers rike (2007):

«Historikerne strides om hvor mange som ble drept. Noen sier 40.000, andre mener det var mellom 100.000 og 250.000 mennesker som ble utslettet i løpet av 13. og 14. februar 1945. Det riktige tallet vil aldri bli kjent på grunn av det enorme antallet flyktninger som var i byen. De siste årene har tendensen gått i retning av å bruke de lavere anslagene. Men for en som opplevde ødeleggelsene og så likhaugene, virker de høye tallene langt mer troverdige enn de lave. De er uansett absurde. [...] Det har vært flittig diskutert om bombing av Dresden var en krigsforbrytelse. Selvfølgelig var den en krigsforbrytelse, i en krig full av forbrytelser. En forbrytelse planlagt og gjennomført etter standard prosedyre: Først et massivt angrep med luftminer, sprengbomber og brannbomber for å starte branner. Så vente et par timer til redningsarbeidet var i gang, før man slo til på nytt for å ramme brannvesen, sanitet og annen hjelp

hardest mulig. Drepe flest mulig av dem som skulle redde liv.»

Bergh hevdar dessutan at millom anna førti sjukehus og trettifem skular vart bomba. Det syner at det var den allminnelege folkesetnaden, heller enn sambandslinone og herstyrkane, som var målet for åtaki. Og her vender me attende til kva det er som fær vestlege blad og kringkastarar til å vera so måtehaldne i høve til Dresden og brannbombingi av tyske sivilistar. Er det kannhenda slik at ingenting av denne delen av krigen, er noko å setja søkjeljos på, for det er vinnarane som skriv saga, og yvergrep som er gjorde av vinnarar, er ikkje noko som ein vil ha ljoskastarar på? Det er iallfall påfallande at det er vinstresida som let til å skulla leggja lok på det heile. Dresden enda upp som ein vasallstat og eit lydrike underlagd kommunistisk styre frå Moskva. Ikkje lett å sjå at dei vestlege samarbeidslandi gjorde noko som helst rett. Dei bomba for å terrorisera innbygjarane, og dei let Sovjet taka styringi yver byen, som so fekk eit nytt uhyggjeleg styre-sett. Det er fulla lite som tyder på at vestmakten var sigerherrar på denne krigsfronten. Dimeir grunn til at dei tyske tilskiparane attum massemynstringi i Dresden ikkje let seg tegja ned, men mæler mot yvergrep mot ytringsfridomen.



Frauenkirche i Dresden låg i ruinar i heile etterkrigstidi. Etter murens fall vart kyrkja rekonstruert, takk vere ein internasjonal innsamlingsaksjon.

Slindebirken

Av Anders Bruaset

Då eg var liten gut fekk eg sjå eit målarstykke som farfaren min hadde måla. Det var av ei stor, krokut bjørk på ein haug ved ein fjordarm. Reint burtsett frå at eg vart oppglødd og kaut yver at farfar hadde kunstnarlege evnor tenkte eg ikkje noko serleg på målarstykket eller motivet, fyre eg mange år seinare byrja å få hug til å granska korleis mange sedvaneformer - som me ikkje kjenner opphavet til - kann vera myrke restar av ei fyrrkristen religionsutøving – eit dvergemål frå ei heidensk fyrrtid.

Slindebirken i kunsten

Målarstykket til farfar etterlikna det kjende målarstykket «Slindebirken» frå 1839 måla av Thomas Fearnley. I dag er både bjørki og haugen burte. Fearnley og andre målarar tok fyre seg slindebirkmotiv, og dei sytte for at dei som vil minnest nett denne gravhaugen meir livande enn ein minnest tallause andre haugar, for dei fleste haugane hev vorte tilinkjegjorde oppgjennom hundreåri slik at grunnen kunde gjeva rom åt dyrka mark, hus og vegar.

Men det er ikkje berre biletkunstnarar som hev late seg fengja av just dette motivet. J.S. Welhavens dikt «Det fredede Træ» teiknar eit livande bilete av ei tid då treet og haugen hadde ei svært serkjeleg mening for folket på garden:

Den sedvanen som Welhaven skildrar med å bringe «Skjænk til Birken og Draugen» kjenner me frå fleire stader i landet vårt. Det er restar av den fyrrkristne fedrakulten som hev halde seg livande gjenom hundradvis av år etter at landet i røyndi var kristna, og den same skikken hev minningar i at ein hev vilja setja ut graut åt nissen kvar jol.

Men Welhaven var ikkje den siste til å skriva um Slindebirken og gravhaugen den voks på. Den norske «sognametal»-artisten Windir hev i songen «Kong Hydnes haug» på albumet Arntor teke utførleg fyre seg korleis haugen vart til og korleis haugen vart øydelagt:

Yst i ran mektige Norafjorn, frao gudn Nor si ti.

Yst i Lomeldi, heimsta Slind vart 'a pao Hydneshaugen

i ran sista helfti ao ra fjera aorhondra lakt ain haug før ain windir.



Slindebirken frå 1839 vert rekna som Thomas Fearnley sitt hovudverk.

Ai mannalaonge kjista ao stain so alder breste.

I kjistao ve hass høgre sia ait laongsverd laog,

ai spennna ao bråns kappao hass hildt, Ve fotendn to lairka me bisk.

Utafø kjistao ve venstre gavlvagggj, to spjut laog klar, håve vendt mot vest.

Alt ti feri... Men i fœrœa aorhondra ottao bœrja,

uvitande menn me hoga fø jor,

rœdde vekk fjortan aorhondra sjilefri i trihondra bœre me stain.

Uvitande dai va om ottao, gudadn sitt raseri skapte.

Dan ivigvarande ottao so framleis herska haimst i Slind dan dag i dag.

Dar e ai bysle stemning, ait mœrke folllt ao kjainsle,

guda so kan ta frao reg da ain traingje meste, ait sinnelag.

Framleis ha maonge otta før å ferdast mœdlo

Saoknardalr å Laikvangir itte kvelda fitabil.

Kong Hydnes haug...

Fedrakult

So kven var eigentleg denne kong Hydne, denne «Kæmpen» som segni seier skal ha lege gravlagd i haugen? Svaret er lett: Me veit ikkje kven han var, og det er høgst uvisst um me nokon gong kjem til å få vita det no som haugen og innhaldet i han er burte for all tid. Det er ikkje ein gong visst at namnet «Hydneshaug» kjem av mannsnamnet Hydne, men det er grunn

til å tru at det i røyndi kjem av hyrna – hydne på dialekt, sidan den staden der haugen låg gav til kjenne ei grensa millom fleire eigedomar, og han låg i eit «hyrna» for fleire av eigedomane. Det einaste me kan vita heilt visst um Hydneshaugen ut frå dei oldfunni som vart gjorde då haugen vart fjerna er at det dreidde seg um ein gravhaug med tvo steinsatte gravkistor frå eldre jarnalder.

Forntidsvitenskapen hev ikkje lenger noko høve til å segja noko um kor påvyrde mange av dei som vart hauglagde var, heller ikkje kva for ein rang og stand dei hadde i samfunnet då dei livde. Korleis samfundet var skipa i den sogebolken då denne og liknande gravhaugar vart til, er heller ikkje det mest maktpåliggjande for oss. Det me heller vil granska og taka fyre oss, er korleis haugen hev sett preg på folkeminne og stadeigne segner, og korleis haugen berrlegg brotstykke av ein heidensk tilbeding som hylla grøderikdom (fruktbarheitskultus) heilt opp til vår tid. Welhaven hentar so visst ikkje stoffet sitt ut or lause lufti; mat og drykk var ofra på liknande måte med større eller mindre millomrom. Ein ofra til heilage haugar, steinar, stubbar og tre og ofringane gjekk fyre seg yver heile landet til langt ut på 1800-talet.

Ved joletider 2009 prenta Opplysningskontoret for Meieriprodukt ei undersøkjing som viste at 350 000 nordmenn set ut graut til nissen kvar jol. Det er lite truleg at dei som held denne

gamle sedvanen i hevd anar det minst um at det dei driv med gjev ein mørk/ålvorleg atterljom av korleis ein dyrka grøderikdommen i ei fjern fortid. Dei anar nok heller ikkje at slik åttferd vart rekna for avgjerande um ein vilde ha eit grøderikt og velståande liv på garden. Stamfaren i ætti var ofte ein rudningsmann og grunnleggjar, og gravhaugen hans var òg tilhaldsstaden hans etter at han var død. Han fekk ymse namn alt etter kva kant av landet han vart knytt til; haubokk, haugbu, gardvord eller nisse, men verkefeltet er allstad det same: Han er ei verjeånd og ein velgjerar for garden, han er den som syrgjer for at kornet mognar, at kui fær avkom, og at folket held seg friske.

Utan velvilje frå nissen vil garden verta heimsøkt av tallause ulukkar og uhell, sjukdom og død. (Upphavet til ordet «nisse» er umstridt: Det er ei vanleg meining at det er ei kjæleform av det danske personnamnet Nils, som atter kjem av det greske Nicholas. Men Ottar Grønvik hev tydt ut ordet utfrå ordsoga og kome fram til ei meir truverdig løysing: Han meiner at ordet «nisse» kan først attende til eit norrønt uttrykk som tyder noko slikt som «den kjære, vesle slektningen». Denne tydinga er heilt i samsvar med tankane um at det var stamfaren i ætti som verna um og gjorde vel for dei som budde på garden.

Men gardvorden verna ikkje og gjorde ikkje vel um han ikkje fekk eitkvartslags vederlag; han kravde offer i form av mat og drykk på serskilte dagar i året, framfor alt i samband med joli. Og gravhaugen han heldt til i og alt som voks på den var heilag: Her måtte ikkje folk ferdast, dyri måtte ikkje beita der, og det kan ikkje brukast «kvast» - det vil segja bitjarn som kniv, øks eller ljå – på noko av det som voks på haugen. I heidensk tid var denne formi for fedretilbeding noko som vart halde i hevd heilt ope og likefram på alle gardar. Ein kann ha gagn av å merka seg at då ein innførde ei ny trusform, kvarv ikkje dei eldgamle skikkane. Dei livde vidare i hundravis av år etter at ein hadde gløymt det upphavelege fremålet med deim, og dei vitnar um at den heidenske trusdyrkingi er av eit anna og i dette høvet meir seiglivla slag enn kristendomen – kannhenda av di den i dette høvet er av eit sannare og meir upphaveleg uttrykk for menneski sin inste natur. C.G. Jung skriv:

«Men med vår moderne innstilling ser vi stolt tilbake på tåkene av overtro og

middelalderlig eller primitiv lettroenhet, og glemmer fullstendig at vi bærer hele fortiden med oss i underetasjene av vår rasjonelle bevissthets skyskraper. Uten disse dypere skikt henger vår psyke i luften.»

Kongshaugen

Vanlege menn vart påvyrde på beste måte etter at dei var hauglagde, men det var på eit smålåde vis samanlikna med korleis stormenn og kongar vart dyrka. I fyrrikristen tid vart det rekna som upplagd at um folket skulde lukkast og ha gode levekår, so stod det på at kongen hadde det same. Ein «god» konge vilde føra til store avlingar, fråvere av sjukdom, og langvarande fred (eventuelt siger i krig). Umvendt vilde uår, krig og sott prova at ein hadde ein «ring» konge, og slike kongar kunde falla i unåde og få ein ublid lagnad; ikkje berre verta avsette, men endåtil drepne – regelrett blota for å blidgjera gudane. I Ynglinga-saga høyrer me um Domalde som var konge i Svitjod:

«Domalde tok arv etter sin far Visbur og rådde over landene. I hans dager ble det sult og nød i Svitjod. Da fikk svearne i stand store blot i Uppsala. Første høst blotet de med okser, men åringen ble ikke bedre likevel, neste høst tok de til med manneblot, men åringen ble den samme eller verre. Men tredje høsten kom svearne mannsterke til Uppsala da blotene skulle være; da holdt høvdingene råd, og de ble enige om det at uåret måtte komme av Domalde, kongen deres, og om at de skulle drepe ham og blote med for å få godt år, gå på ham og drepe ham og rødfarge offerbenkene med blodet hans; og det gjorde de.»

Den makti ein konge hadde til å gjeva folket lukka og velstand medan han livde, kunde til ein viss grad vera ein eigenskap han hadde etter at han var død og hauglagd. Vilkåri var at den døde eller haugen han var gravlagd i eller treet som voks på denne haugen allstødt fekk nøgdi av mat- og drykkoffer og at ein heldt haugen heilag og ikkje krenkte freden der.

Hadde ein ein gravhaug med ein «årsæl» konge i fylket sitt, var ein langt på veg tryggja mot uår og anna elende. Då Halvdan Svarte gjekk gjennom isen på Ransfjorden og drukna i ein alder av 40 år, vart liket ført til Ringerike for å haugleggjast der. Då dette vart kjend «kom det stormenn fra Romerike og Vestfold og Hedmark, og alle krevde de å få liket med seg og hauglegge det i sitt fylke; alle trodde at de skulle få godt år

om de fikk det. De ble forlikt på den måten at de delte liket i fire deler; hodet ble lagt i haug på Stein på Ringerike, og hver av de andre tok sin del med seg hjem og haugla den der, og alle disse haugene heter Halvdanshauger.»

Me kann ikkje vita um sogone um Halvdan og Domalde i røyndi er sanne. Men dei fortel oss ein heil del om huglyndet (mentaliteten) på denne tidi, og korleis folk dyrkte trui på at mektige menn som lukkast spreidde lukka si yver på undersåttar og etterkommarar, jamvel lenge etter at dei var døde. Åndi til den gravlagde busette seg gjerne i eit tre som voks på haugen, og i og med at haugen vart verja og passa på, so ho ikkje vart utsett for både kvasse reidskapar og beittande husdyr, fekk dette treet gjerne veksa uhindra i fleire hundre år. Dimed kunde det til slutt enda upp med ovstore storleiksformer, slik som Slindebirken som hadde ein omkrins på 5,6 meter i 1861. Jamvel på grannegarden Fimreite skal det ha vore eit digert tre, ei osp, som det vart ofra øl til heilt ut på 1800-talet. Denne ospi skulde vera 18 meter høg og ha ei krone med ein diameter på 21 meter. I artikkelen «Om et mærkeligt Birketræ paa Gaarden Slinde, i Sogn» blir det i tillegg nemnt tvo andre slike tre i Sogn; på gardan Kvåle og Bale. Denne «samlingi» av eldgamal fedrakult i indre Sogn tyder på at umlandet hev vore sopass avsides at skikkar med heidensk upphav kunde halda seg livande mykje lenger her enn elles i landet. Setesdal og Øvre Telemark hev havt dei same gode vilkåri til å taka vare på den gamle sedvanen heilt upp til i våre dagar.

Slindebirken gjekk yver ende under ein storm i 1874. Vintaren 1892/93 hadde nok jordeigaren mist vyrnaden for både haugen og han som «budde» i han. Han gjekk iallfall i gong med å fjerna heile haugen, han vart venteleg åtvare på det sterkaste av dei gamle på garden som visseleg frykta ei ulukka etter ei slik ødeleggiande framferd. I juni 1893 kom Ivar Venjehola til Bergen med fortidssakene som vart funne i haugen. Desse vart seinare tidfesta til eldre jarnalder. Magnus Olsen skriv:

«Fylkets midtpunkt var kongshaugen, den gode konges – Olves og Sørs og andres – gravhaug, hvor den offentlige kultus fant sted i forbindelse med fylkesting. Her står vi like overfor noget ramhedensk, noget primitivt, som bunner i et eldgammelt syn på landets, rikets, trivsel som en uttømmning av gudekraften der

hadde sitt sæte i kongens person. (...) Ættegården er jo en utpreget patriarkalsk institusjon; til husfarens person er gårdens og ættens trivsel knyttet. Til faren som lever og råder, og til alle de bortgagne fedre som har rådet før ham, vender ætten sig i gode og onde dager; på de døde søker den å innvirke ved offer, som skal tilføre dem stadig ny livskraft. Den mektigste av de bortgagne er ættens stamfar, og han får en guddommelig dyrkelse.»

Den heilage åtferdi

Jamvel um tilbedingi som vart dyrka kring bjørki ber eit umiskjenneleg preg av fedretilbeding, kann me og skimta tilvik til at religionen vart dyrka på eit sereige vis; trei vart dyrka som um dei var heilage i seg sjøl, ikkje fordi dei voks på ein gravhaug «over Kæmpens Been», for å nytta Welhavens ord. Frå heile det germanske området kjenner me til at det fanst slike heilage tre, og ein dyrka heilage søylor eller stytter på nærskyld vis. Det kan sjå ut som at tilbedingi på Slinde hev byrja med at ein dyrka sjølve haugen og han som lå gravlagd der, men etterkvart som bjørki hev vakse til og fengje ovlege storleiksformer hev sjølve fedrakulten kome meir og meir i bakgrunnen til fyremun for treet, som til slutt hev vorte oppfatta som eit heilagt tre og vorte midtpunktet for tilbedingi.

Hydneshaugen og bjørki som voks på den vart dyrka frå haugen vart til og utan stogg heilt frå dei fyrste hundradåri etter år null og heilt upp til den industrialiserte tidsalderen tek til. Sjølve kulten hev nok endra seg avdi ein meir og meir hev

gløymt at ein dyrka haugen og treet fordi ein frå opphavet av meinte at det skulde ha ein serskild verknad, til slutt hev denne meiningi vorte mest heilt burte or folkeminnet. Ein hev gjenge frå å dyrka han som låg gravlagd i haugen - fordi ein heilt medvite vilde uppnå framgang og grøderikdom - til at ein etterkvart hev byrja å dyrka sjølve haugen, og seinare bjørki som voks på han. Frå å ofra dyr og for alt me veit til og med menneske for å blidgjera han som budde i haugen, hev ein enda upp med å ofra mat og drykk, - rett nok mat og drykk av eit slag som var meint for høgtidene, altså rikdomskost. Sedvanar som hev opphav i fyrrkristen fedretilbeding hev vist seg å vera svært seigilva. Det viser seg kvar einaste jol når det vert sett ut tallause skåler med graut til nissen.

Då den siste Slindebonden slo den siste kanna med øl ut yver røtene på Slindebirken, hadde nok den medvitne meiningi med offeret for lengst sokke inn i gløymsla etter at ho hadde vorte meir og meir utegløymt gjennom mange hundradår. Han gjorde berre det han visste at han måtte gjera, som fedrane hans hadde gjort fyre han kvart einaste år, i tallause ættledd og hundradår fyre hans tid. Han er berre eitt ledd i ætti som strekkjer seg yver ei endeløysa i både fortid og framtid. Til sist er det berre kjernen att: Han veit ikkje kvifor han gjer det, men han veit at det er det einaste rette. Dette er ein heilag stad, dette offeret er ei heilag gjerning. Det heilage stend utanfor tidi og falmar ikkje av, for hundradåri gjeng sin gang. Mircea Eliade segjer:

«Også etterat himmelens hellighet

var forsvunnet fra det egentlig religiøse liv, virket den videre gjennom sin symbolikk. Et religiøst symbol formidler sitt budskap selvom det ikke lenger blir bevisst forstått. For et symbol vender seg mot menneskets hele vesen og ikke bare mot dets forstand.»

Litteratur:

- Birkeli, Emil: - Fedrekult (Oslo 1943)
 Christie, W.F.K. - Om et mærkeligt Birketræ paa Gaarden Slinde, i Sogn (Bergen 1975)
 Eliade, Mircea: - Det hellige og det profane (Gyldendal Norsk Forlag 1994)
 Jung, C. G.: - Psykologi og religion (Cappelen 1965)
 Maal og Minne - nr. 2, 1997
 Olsen, Magnus: - Ættegård og Helligdom (Oslo 1926)
 Sturlason, Snorre: - Kongesagaer (Stenersen 2006)
 Welhaven, J. S.: - Samlede Verker, Bind 2, (Universitetsforlaget 1990)
 Windir: -
 Arntor (Head Not Found, 1999)

Internett:

<http://www.sffarkiv.no/samsok3/Artikkel/38490/SlindebjorkaSogndalHermundKleppa2002?Jul::20:14:ResultSimple:Alle>

http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/fylkesleksikon/2674569.html

<http://www.nrk.no/sf/leksikon/index.php/Fimreite-gardane>

Det fredede træ (Welhaven, 1844)

Ved Sognefjorden paa Gaarden Slinde, der er den stolteste Birk at finde.
 Paa Hydneshoug, over Kæmpens Been, strækker den vidt sin kraftige Green, og holdes i Ære, og kan sin Alder mod Skyen bære.

Mens Træer og Lunde tyndes og ældes, den holder sig frisk og skal aldrig fældes; thi Bonden siger: "Den har i Arv sin frodige Væxt af en Kæmpes Marv, og i dens Skygge er godt at vandre og godt at bygge."

Dens Bark tør Ingen rive og riste, og Ingen tør bryde dens Løv eller Kviste.

Hvert spirende Straa, hver Urt, der groer i Birkens Ly, paa den hellige Jord, vil Bonden spare, skönt Leen skal gennem Engen fare.

Naar Birkens skinnende Løv er borte, og Engen er hvid, og Skyerne sorte, naar Bonden har bragt sin Skat under Tag og sidder ved Kveld i det bænkedede Lag med Mad og Drikke — han glemmer det fredede Træ dog ikke.

Han fylder med Mjød den vældige Kande, og sender et Ord fra Grande til Grande; de svare ham alle med Smil og med Nik, og følge ham ud med den kraftige Drik

til Hydneshougen; da bringe de Skjænk til Birken og Draugen.

Saa danne de Kreds og slutte sig sammen, mens Mjøden gydes om Birkestammen. Da smelter Sneen ved Kraftens Daab, da samle sig alle de glade Raab i dette ene: "Saa stande du karsk i Rod og i Grene!"

Med dybe Træk er i dette Billed vort Nordens Liv for Tankerne stillet. Det maa ei ældes og sygne hen; det skal fra sin Rod besjæles igjen, og holdes i Ære, og kjækt sin Krone mod Himlen bære!

Thais - tankjevekkjande fransk opera

Av Lars Bjarne Marøy

Lars Bjarne Marøy hev sett operaen Thais av Massenet. Her gjev han ei innføring i operaen.

Nrk 2 hev sendt mange gode musikkverføringar dei siste åri. Yverføringar frå Metropolitan i Ny York er høgdepunkt som ein gjerne fær med seg. Det er ikkje berre kringkastingi som hev skyna det. Bergen kino hev havt yverføringar frå Metropolitan dei òg. Det viser at opera er noko som hev gjennomslagskraft i vår tid.

Yverføringi som me var vitne til 2. januar 2011 var operaen Thais av Jules Massenet. Franske operaverk og toneverk radt ålment hev ofte kome i bakgrunnen av dei store italienske og tyske-austerrikske tonekunstnarane. Mange hev høyrte um Pussini, Rossini, Mozart, Wagner og Strauss, men færre um Massenet. Operaen hev likevel havt ei trygg stoda i fransk kulturliv. Og um det største operamålet er italiensk, so er franskmennene so visst i stand til å framføra opera på sitt eige mål. Massenet er heller ikkje nokon dårleg tonekunstnar, jamvel um han fell noko i skuggen av dei største meisterane.

Jules (Émile Frédéric) Massenet (1842 – 1912) sette ikkje berre tonar til operaer, men det er det han hev vorte mest kjend for. Toneverki hans var umtykte på slutten av 1800-talet og tidleg på 1900-talet, og han var ein av dei mest tonerike tonekunstnarane i si tid. Kort tid etter at Massenet var død gjekk likevel Massanets stil av moden, og mange av operaene hans kvarv burt, burtsett frå Manon og Werther var det sjeldsynt at verki hans vart framførde. Frå 1970-talet av hev derimot fleire av operaene slik som Thais og Esclarmonde vorte framførde ein slump gonger.

Handlingi i Thais byggjer på ei bok av den kjende franske forfattaren Anatole France. France er kjend for millom anna å ha vore talsmann for Dreyfus saman med Emile Zola. Han fekk òg nobelprisen. Forfattarskapen til France er velkjend, og Thais var ei mykje umtala bok fyre operaen. Operaen viste seg òg å vera vellukka.

Me vert sende attende til Egypt ein gong på 400-talet. Athanael er eineinstødingsmunk som oppdagar at ei barndomsveninna av han hev vorte ei leidande skjøkja og tilbedar av guden Venus. Han set seg fyre å berga henne for synd og umvenda henne til kristendomen. Då han fær møtt Thais freistar ho å maktstela han, og han ser seg nøydd til å

flykta frå henne. Det er slutten på fyrste akt.

Anathael kjem tilbake i upptakten til andre akt for å yvertyda Thais um at ho må venda um frå lauslivnaden sin. Ho byrjar å gjeva ord for at ho styd han. Då Nicias ein leidande mann med fleire skjøkjor umkring seg kjem til huset åt Thais saman med venene sine, finn han Thais underlagd Anathaels vilje. Nokre av mennene sannkjenner at Anathael vil taka med seg Thais til eit kloster, og dei freistar å stogga han. Dei trugar med å drepa han, men Nicias stoggar deim. Anathael greider å få Thais i kloster, men jamvel um han kjem seg burt frå henne, lengtar han etter henne og vender tilbake til klosteret der han gjer det klårt for Thais at han elsker henne. Thais dør i trui på Gud.

Ein slær saman kristen gudstru og sanseleg kjærleik og elskhug i operaen, og det hev vore umdryft, men det er ikkje den einaste årsaki til at det er sjeldsynt at operaen vert vist. Hovudrollone er svært krevjande, og det må ein stor sopran som til dømes Renée Fleming til for å fylla denne rolla. Når ho fær spela upp mot barytonen Thomas Hampson, vert det eit utrueleg sterkt møte, både millom kjøtleg lyst og det kristne kallet, og eit veldig møte med tvo av dei største røystene i vår operasamtid.

Operaen vert prega av sterk og stemningsskapande musikk som likevel ikkje vert yverdriven. Ein kann godt slappa av og njota det heile utan at det verkar hjelpeslaust og utflytande. Operaen heng kort og godt saman og fortel ei saga som er eggjande og set ymse sidor ved eit viktig livsval i søkjeljoset. Skal ein velja å ofra seg for det ævlege livet eller skal ein njota den kjøtlege lysti her og no. Anathael fær Thais til å gjeva avkall på alt i det verdslege i livet sitt, men sjølv vert han fanga av venleiken hennar og maktar ikkje å leva upp til dei hugmåli som han hev sett fram for Thais.

Den fengslende styrken i forteljingi byggjer nesten berre på tilhøvet millom Anathael og Thais. Massenet bryt på fleire punkt med det som var vanleg for han. Det er ingi store innskiftingar med fleirstemd song eller ballettinnslag. Den mannlege hovudrolla er skrivi for ein baryton og ikkje for ein tenor. Songinnslagi er òg lengre enn i andre operaer av Massenet. Han legg tung vekt på samtale gjennom songen og skjer ned på songstykke for einskildrøyster med tonefylgje frå orkesteret, sokalla ariar.

Den avgjerande bolken i operaen er upp-

takten til andre akt. Då er Thais i samvit-skvalar som til slutt fører henne yver i umvending. Massenet let oss få fylgja tankane hennar, med musikk i form av ein fiolin og eit orkester, i eit djupt tankearbeid yver viktige trusspursmål i det som vert umtala som meditasjonen. Denne viktige melodien er operaens høgdepunkt.

St. Thais levde truleg i det fjerde århundret i det romarske Egypt. Ho er umskrivi i boksoga um livi til dei heilage i den greske kyrkja. Tvo livsskildrings-skissor finst enno: ei på gresk, den stammar kann henda frå det femte århundret (den vart umsett til latinsom Vita Thais av Dionysius Exiguus i det sjette eller sjuande århundret), den andre skissa kann me lesa i millomaldarlatin frå Marbodav Rennes (d. 1123). Ho viser seg òg i greske yversyner yver heilagmenne av Maurolychus og Greven, men ikkje i latinske yversyner yver heilagmenne.

Anathole France dulde aldri kor han stod. Han var fastlæst mot-kyrkjeleg og ein vantru forfattar, og han vilde strida mot at dei kristne, slik han såg det, gav avkall på seg sjølve gjennom dei kristelege hugmåli. Romanen vart svært umdryft, og då Massenet gjorde det kjend at han vilde laga ein opera på bakgrunn av denne romanen, vekte det stor åtgang, og operaen vart framgangsrisk.

Same korleis ein ser det, tek operaen upp viktige spursmål. Den eine av hovudpersonane vert lukkeleg og dør i trui på Gud. Den andre vert heimsøkt av kjøtleg lyst og yverlever, men hev tydelegvis knekt den han elsker.

Det heile vert til eit syrgjespel som vekkjer tankar um kva som er det mynstergilde valet og meiningi med livet. Det høver med straumdrag i tidi at bae personane kjem i ei stoda der dei må vera sann mot seg sjølv og at det kvessar seg til kring det. Desse tankane finn ein sanneleg att i mykje realistisk litteratur, jamvel um formi og tonekunsten i denne operaen ofte vert knytt upp til romantikken, er det mykje stoff som kann først beint inn i litteraturen i den tidi då operaen vart laga. Det romantiske innslaget er vel like fullt sterkt i sjølve måten stoffet er tilrettelagt på. Dette er ikkje ei skildring frå samtidi, men ein vender derimot attende i tid til ei fjern fortid, noko som gjer det meir naturleg å setja formi på og kannhenda innhaldet i operaen inn i ein romantisk tradisjon.

B



ISSN-1503-2469

Nikolina-hana

Av Trygve Orheim

Ei hane, har du høyrte snakk om det? Ein hane veit nok alle kva er. Men ei hane er visseleg mindre kjent. Kort fortalt: I farne tider brukte dei det som samnamn på unge geiter. Radt frå dei starta sitt tilvære som kje og til dei sjølve fekk kje og gjekk inn i rekkja av vaksne verdige geiter.

Og dimed får ein sjå å koma til saka, som arta seg om lag slik: For eit lite århundrad sidan, i ei av dei vestlandske bygdene som no er avfolka, budde det millom andre, eit par gamlekarar. Grannar, kårmenn, jamaldringar, vener og vel forlikte, var dei. Dei lydde om kvarandre, spurde nytt og fortalde nytt. Øl likte dei godt, alt med vit og måtehald. Og praten gjekk.

So hende det at den eine vrikka ein fot noko hårdeleg, so han måtte pent halda senga nokre dagar. Dette var om hausten, nett då folk snaka heim småfeet frå fjellet. Veret var fagert. Og han som var låk i forten, var inderleg gram i hugen for at han ikkje fekk vera med på leiken, sjølv sagt. Men heldigvis, kameraten svikta sanneleg ikkje. Han kom på vitjing om lag ein gong pr dag. Dei gamle venskapsbanda let seg ikkje merka med om det var sanketid eller ei. Sprek og lett på foten som han var, fylgde han med dei andre karane til fjells so lenge sankinga varde. Om kvel-dane gjekk på sjuke-vitjing. Og då var han ikkje verre komen, enn at det hekk eit nett lite ølspann i neven når han gjekk desse turane.

Heime hjå han hadde dei det året vore so heldige at dei fekk heim att alt småfeet. Og siste krøteret som gjekk att i fjellet var det han som var mann for å finna og få heimatt. Dette var eit han-kje som dei kalla Nikolina-hana.

Det hadde seg slik at denne gamlekaren heitte Nils. Og ei småtaus han var bestefar til, heitte Nikolina. Fyrst tenkte dei ho skulde heita Nilsina. Men so var det nokon som tykte at det var no eit heise namn å få med i livsferda. Dimed vart det Nikolina. Ho og beste-

faren var perlevener sjølv sagt. Men om desse tvo var vener, so var ikkje venskapen fullt so bra millom hanen på garden og bestefaren. Hanen som var ein rørsleg kvit italienar, var reine pavorottien å gala. Og ei slagferdig, men noko smålåta kona som hadde si vandring gjennom tunet der, meinte som so at det var bra kyrkjegarden låg so pass på avstand --- frå denne stor-vekkjaren---

Der låg ein stein attmed stove-troppa, Mange karar hadde prøvt kreftene sine på å lyfta han, men det gjekk nok ikkje. Steinen var vanskeleg å få tak på, rund som han var. Og temmeleg lik eit egg, både i form og farge. Og kannhenda det var nett dette som gjorde at hanen ofte brukte denne steinen å stå på, når han gol sine ljomande høgstedagsserenadar.

Som ein lett kann forstå vart det mang ei amputert middagskvild for gamle guten, på grunn av denne gaulinga. So då var det om å gjera å stiltra seg lett på tå som ein annan nattefriar, uti døra og so ha klar ei drabeleg ladning tobakkssaus som han sputta med stor presisjon fram og ned på ryggen til den høgroysta songaren. Hanen hadde soleis fått ein heilt annan farge over rygg og vengjer enn skaparen hadde gjeve han.

Alle på garden so nær som ho Nikolina, tykte å vera for dette. Ho berre lo åt heile greida. Og som løn for den sjølvstendige haldninga si i denne familiesaka, gav bestefaren henne eit fagert lite blåsala hanekje. Og namnet liksom sa seg sjølv: Nikolina-hana, sjølv sagt. Kjea vart sleppte i ein vill fjelldal, langt av leid. So dei ikkje skulde finna vegen heimatt. Nikolina-hana som tydelegvis var ei sjølvstendig ung dame; hadde skilt lag med dei andre og tulla seg avgard saman med nokre reinsdyr. Det hende nemleg av og til at slike dyr kom ruslande over breen eller Tystigen austanfrå.

Kjeet dilta etter desse, burt i nokre berghamrar på nordsida av dalen. Der fann det

so mykje fint gras og artige blomar å eta, at det rett og slett slo seg til der so lenge. Dimed gjekk tida, radt til haust og styggever tok overhand. Men kjeet hadde funne seg ei lur gøymle under ein bergufs. Der heldt det seg for det meste når det ikkje var avgard og fann seg mat. Og der fann Nils det. Dreven fjellkar som han var.

Han var heldig og fekk tak i den eine bakfoten på det, nett i det at det heldt på å røma. Fekk band på det, med feste kring halsen og attanfor bøgene. Då måtte det pent traska med heim, i fylgje med bergingsmannen. Anten det vilde eller ei.

Dette var då rett ei bragd, av ein so pass tilårskomen mann. Tykte folk. Og sjølv fotalde han denne sog, so smått, til han med låkefoten. Då han dagen etter var der på vitjing.

Då han sat der og prata om dette, med kameraten; medan ølspannet i småningom tømdest, kom han brått på at han burde kannhenda visa korleis det gjekk til, då han fanga dette kjeet.

Han la seg dimed på kne attmed senga, som om dette var bergufsa. Han stakk neven innunder. ”Eg gjorde slik, ser du; og stakk neven innunder ufsa. Og kva fann eg, du? --- Nikolina-hana”!

Dimed gjorde han ein sving med handa, so det berre hadde god skikk. Og treffe (ja det lyt faktisk forteljast): --- ein velbrukt ting med hank på. So innhlaget både skvatt og rann kring bukse-knea hans.

”Skulde du ha sett på maken?”, sa han som låg i senga, medan låtten lurde i skjegget.

”Den Nikolina-hana, du” sukka hin og kom seg på føter. Men tenest-tausa som nett då kom med kveldsmat til han som var sengjeliggjande, ho lo seg mest skakk på heile greida.

Målmannen treng folk som skriv høg-norsk. Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!

Attende til: Målmannen, Njårds veg 10, 2214 Kongsvinger

Sluttordet:

Der alle tenkjer likt, vert det ikkje tenkt mykje.

Per Borten